Bykle kommune

# Grovsiling av innspel til sti- og løypeplanen

18.03.2026

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Hovden | 22/99-1<br>22/99-5<br>22/99-16<br>22/99-19 | Marius Bakken | Ny skibru over Otra. Saumlaus langrennstilgang frå Fjellparken, Sentrum og alpinanlegg. |  | 1 |
| | | 22/99-6 | Torvald Gautland | | | |
| | | 22/99-17 | Ressursgruppa v. Jan Willy Føreland | | | |
| | | 22/99-9<br>22/99-15<br>22/99-20 | Torvald Gautland | Bru over Otra frå krysset ved Hotellvegen til Tusseland. (Prioritet 5) | | |
| | | 22/99-11 | Referat frå møte med Destinasjon Hovden, Hovden løypekøyring og Bykle kommune. Pkt. 5 | Bru ved Høgfjellssenteret: Det bør vere samanhengande løype frå dagparkering sør mot Storenos/Sloaros/Fjellparken (forbi Høgfjellssenteret, langs Skisentervegen). Her er det ein del utfordringar som berre kan løysast ved å få ny bru som løype-maskinene kan kome over. Heller prioritere/meir realistisk med bru her enn ved Hovden Fjellstoge. | | |
| | | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Regulert skibru over Otra ved Nystøyl. Denne vil, samen med den bygde kulverten ved rundkøyringa, gi vesentleg samankoplingseffekt mellom det austlege og vestlege hovudløypenettet. (Prioritet 2). | | |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Ny bru over Otra oppstrøms eksisterende bru medfører store kostnader til omlegging av VA og flytting av avløpspumpestasjon. Tiltaket inngår ikkje i Hovudplan VA og må bli finansiert saman med ny bru. Teknisk drift og eigedom tilrår alternativ løysning som inneber etablering av ny gs-bru i mellomrommet mellom dei 2 eksisterande bruene, og endre dagens g/s-bru til løypetrase. Denne løysinga utløyser ikkje behov for omlegging av VA eller flytting av avløpspumpestasjon.Etablering av ny bru er på prioritert liste i handlingsplan for idrettsanlegg, kulturbygg og nærmiljanlegg. Regulert til g/s-veg i gjeldande plan (planID 201805). Tiltaket bidrar til vidareføring av regulerte trasear på begge sider av elva og bind løypenettet saman.

**Konklusjon:**

Dagens g/s-bru bli nytta som løypetrase og det blir etablert ny g/s-bru mellom dei to eksisterande bruene.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2 | Hovden | 22/99-2<br>22/99-5 | Marius Bakken | Ski/sykkel-løype i dalen mellom Hovdenutskaret og skitrekket til Hovdenut. Inkl. skileik-løyper. |  | Skiløype: 2<br>Sykkelløype: 3-4 |
| | | 22/99-6 | Torvald Gautland | | | |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Blir i dag køyrt gjennom området med skuter og trakkemaskin for å kome til alpinbakken.
Forslag til trase kan krevje terrenginngep (skjæring). Det er positiv å utvide løypetilbodet i nærleiken til hytteområda. Tiltaket ligg utanfor villreinområde. Traseen går parallelt med og delvis krysser alpinløype. Det er delvis skogsbotn og myr i området og opparbeiding er relativt enkelt. Sykling slit meir på terrenget og krev noko meir tilrettelegging spesielt i område med myr.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet som ski- og sykkelløype.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 3 | Hovden | 22/99-3 | Øyvind Berntsen | Ønskje om forskrift om åtferdsreglar etter friluftslova §15 med forbod mot å gå eller sykle i preparerte skispor, både klassisk og fristil. | Utan kart | 4 |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | God skilting og informasjon som fortel ønska ferdsel i traseane vil bidra til avklaring. Ei forskrift krev kapasitet til kontroll og kan avgrense bruk av traseen i unødvendig grad (lite snø, utanom preparering).<br>**Konklusjon:**<br>Det blir arbeidd med betre skilting og informasjon med fokus på omsyn til preparerte løyper. Det blir ikkje utarbeidd forskrift pr nå. | | | | | |
| 4 | Hovden | 22/99-4<br>22/99-51 | Skisentervegen velforeining og Velforeininga i Dyregrenda Sør | **To alternative** plasseringar av bru over elva for tilknyting til eksisterande løypenett.<br>Det vil blant annet gi:<br>- Sikker ferdsel over elva<br>- Enklare tilkomst til tur og løype områdane både sommar og vinter<br>- Betre tilkomst til Badeland |  | 3-4 |
| | | 22/99-108 | Anne og Jesper Thielecke | Knytte samen aust- og vestsida av Otra med smal bru. Vil kunne redusere trafikk til fots og ski over usikker is, samt moglegvis auka gange til Badeland/skøytebane frå Fjellparken. | | |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Innspelet vil bety betydeleg betre g/s-vegnett for fastbuande og besøkjande. Etablering av rundløyper er attraktivt. Tilkomstpunkta i Skisentervegen til desse bruene vil gi auka ferdsel både langsetter og krysse Skisentervegen som har mye biltrafikk i skisesongen. Dette er negativt i forhold til trafikksikkerhet. Skibruene må vere så store og tole tråkkemaskin dersom det skal vere trygt å ha dei der. Ei smal skibru der snøen kan bygge seg opp kan skape farlege situasjonar. Sommarbru kan gi farlege situajonar og generere krevjande med vedlikehald vinterstid. Det er regulert ei kryssing lengre nord som tar i vare behovet for kopling av løypenettet (planID 200915).<br>**Konklusjon:**<br>Forslaget tas ikkje med i planarbeidet. Samankopling av aust og vestsida blir etablert i tråd med vedtatt reguleringsplan planID 200915. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 5 | Midt | 22/99-7 | Jens Leirvåg | Vidarekopling av skiløypa ved Ørnefjell hyttegrend i retning golfbanen. Aktuell trase er kartlagt tidlegare. |  | 1-2 |
| | | 22/99-8 | Torvald Gautland | | | |
| | | 22/99-106 | Vidsyn velforening v. Øystein Kilander | Det er ønskeleg å få etablert trase for preparert skispor ned gjennom Ørnefjell hytteområde til golfbanen slik at en får en rundløype også der. | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet vil gi ei god samankopling og bidra til å forsterke løypenettet saman med etablering av kulvert. Forslag til trase ligg rett nord for trekkområde for villrein (naturbase). Terrenget består av skogsbotn og litt myr. Traseen er realtivt enkel å etablere. Det er meldt planoppstart i området (planID 202303). Det bør bli vurdert å regulere løypetrase i den samanheng.

**Konklusjon:**

Samankopinga tas med i planarbeidet, men det bør også bli vurdert å regulere traseen i samband med pågåande planarbeid.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 6 | Midt | 22/99-9<br>22/99-15<br>22/99-20 | Torvald Gautland | Legg om Badstogdalen-Nordli grunna kupert trase. Ønska sykkelløype. (Prioritet 7) |  | Sykkel + ski langs g/s-veg ved rv9.<br>1 |
| | | 22/99-11 | Referat frå møte med Destinasjon Hovden, Hovden løypekøyring og Bykle kommune. Pkt. 7 | | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det er behov for noko omlegging av dagens løypetrase grunna kupert og krevjande terreng. Det er positivt med kombinert bruk av traseen til både ski og sykkel.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet. Mindre omlegging av traseen bør inngå som tiltak i planen.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 2: Nokså viktig · 3: Lite viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 7 | Hovden | 22/99-9<br>22/99-15<br>22/99-20 | Torvald Gautland | Gruse opp Gardsvegen forbi Lundebuteigen. (Prioritet 2) |  | *Kommentar frå Torvald Gautland:* Grusing er utført til vernegrensa.<br>2 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

I følgje Hovden løypekøyring v. Torvald Gautland er det grusa fram til vernegrensa og er tiltaket er derfor gjennomført.

**Konklusjon:**

Tiltaket er gjennomført og treng derfor ikkje å inngå i vidare planarbeid.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="4">8</td><td rowspan="2">Hovden</td><td>22/99-9<br>22/99-15<br>22/99-20</td><td>Torvald Gautland</td><td>Sykkelløype Hartevasstjønn til Badstogdalen. (Prioritet 3)</td><td rowspan="2">
</td><td rowspan="2">3-4</td></tr>
<tr><td>22/99-114</td><td>Ressursgruppa for hyttevelforeninger</td><td>Tilrettelegging med rundløype frå Hartevassnuten til Badstogdalen.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Tilrettelegging for kombinert bruk av trasear er positivt, og rundløyper er eit godt tiltak for å kanalisere ferdsel og kople saman traseane. Det er også eit godt tiltak med tanke på tilrettelegging for sykling og turløyper i barmarksesongen. Auka aktivitet i nedbørsområdet kan påverke drikkevasskjelda i Hartevasstjønn negativt. Auka ferdsel aukar risikoen for utilsikta forureining og sårbarheit for hendingar som er vanskelege å oppdage raskt. Drikkevasskjelder er kritisk infrastruktur og kommunen pliktar å sikre trygt drikkevatn.<br>Konklusjon:<br>Innspelet tas med vidare i planarbeidet.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel<br>innspel til planen<br>preparert løype<br>skiløype i KPA<br>sykkelrute i KPA<br>turveg i KPA | **Prosjektgruppa si prioritering**<br>1: Viktig tiltak<br>2: Nokså viktig<br>3: Lite viktig<br>4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 9 | Hovden | 22/99-9<br>22/99-15<br>22/99-20 | Torvald Gautland | Fjellparken mot Djupetjønn er ønska som sommarløype (sykkel og gåande). (Prioritet 4) |  | Skiløype er ok.<br>1-2 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen følgjer eksisterande skiløypetrase. Terremget består av ein del myr som krev ekstra tilrettelegging (eks. klopper) for sommarløype. Positivt tiltak som nærtur i eit område med mange hytter. Det bør bli vurdert om det er mogleg med universell tilrettelegging, alternativt frå sti til Hovdenuten og ned til Djupetjønn.

**Konklusjon:**

Tilrettelegging av eksisterande trase for sommarløype bør inngå som tiltak i planen med vurdering om delar av den kan bli universelt tilrettelagt.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | Hovden | 22/99-11 | Referat frå møte med Destinasjon Hovden, Hovden løypekøyring og Bykle kommune. Pkt. 6 | Lundaneløypa: Utnytte legging av framtidig VA-trase frå løypekryss 22 til 21. Helst med «vintervandreveg» parallelt (klager på mange fotgjengarar i skiløypa, fint å gå til fots med barnevogn etc.). |  | Moglegheit for universell utforming. Nærløype. 1 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det er lite eller ingen samanfallande trasear mellom eksisterande løyper og VA-trasear. Det er derfor ingen synergi med det planlagte VA-prosjektet. Det er vanskeleg å kombinere vintervandreløype med preparert skiløype grunna risiko for konflikt i bruken av traseen. Opparbeiding av vintervandreveg parallelt med skiløypa, er kostnadskrevjande. Det er g/s-veg i nærleiken som kan nyttast om vinteren. Sommarløype er aktuelt, men det krev oppgrusing av traseen.

**Konklusjon:**

Det blir ikkje til rettelagt for vintervandreveg langs eller ved sidan av eksisterande trase. Eksisterande løypetrase blir tilrettelagt for sommarløype med nødvendige tiltak.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · preparert løype · sykkelrute i KPA<br>innspel til planen · skiløype i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 11 | Bykle | 22/99-11 | Referat frå møte med Destinasjon Hovden, Hovden løypekøyring og Bykle kommune. Pkt. 8 | Støyldalen: Kryssing av bekk (også mykje myr, men vanskeleg å få gjort noko med), ulendt enkelte stader- treng grunnpreparering. Ønsket her er bru over elv/bekk innerst i Støyldalen. Sommar og vinter? |  | 1-2 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Tiltaket er i prosess og det er eit kostnadskrevjande tiltak. Bykle IL er tiltakshavar, og det blir søkt om spelemiddel. Det er i stor grad myr i området. Tiltaket ligg langs eksisterande preparert løypetrase som er ein viktig del av løypenettet i Bykleregionen. Tilrettelegging for sommarløype krev grunnpreparering grunna myr og ulendt terreng enkelte stader.

**Konklusjon:**

Tiltaket blir lagt inn i tråd med omsøkt og innvilga tiltak. Tilrettelegging for sommarløype blir tatt med som aktuelt tiltak i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · preparert løype · sykkelrute i KPA<br>innspel til planen · skiløype i KPA · turveg i KPA | **Prosjektgruppa si prioritering**<br>1: Viktig tiltak · 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 12 | Hovden | 22/99-11 | Referat frå møte med Destinasjon Hovden, Hovden løypekøyring og Bykle kommune. Pkt. 9 | Sommarløype gjennom Breiveskaret. Frå Alpinsenteret til Breive (sykkel, fottur). |  | Sommarløype.<br>Nærløype.<br>**1-2** |
| | **Administrasjonen si vurdering** | Grøn: inngår i vidare planarbeid | Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | |
| | Innspelet vil legge til rette for ei fin rundløype. Etter medverknadsprosessar er det opplevd at bygda Breive er ønska som landbruksbygd med liten grad av turisme. Området består i stor grad av myr og ulent terreng der sommarløype krev ein del tilrettelegging. Det er ønskjeleg å unngå fleire inngrep i området.<br>**Konklusjon:**<br>Tiltaket blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet av omsyn til krevjande terreng og ønskje om avgrensa tilrettelegging for turisme i bygda. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 13 | Hovden | 22/99-12<br>22/99-19 | Marius Bakken | Avgrense bilbruk og betre vintertilbod ved å<br>- Lage en skisløyfe/barneskisløyfe som teikna inn i området mellom Gåttstøylbekken, Fjellparken og Dyregrendi. |  | Nærløype.<br>Kostbart.<br>1-2 |
| | | 22/99-17 | Ressursgruppa v. Jan Willy Føreland | | | |
| | | 22/99-102 | Bykle og Hovden Vekst AS V. Torvald Gautland | Mindre løype som lettar løypekøyring og som er tilpassa dei som berre vil gå ein liten tur. | | |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Forslag til trase følgjer delvis eksisterande løypetrase, resten må bli opparbeidd. Det er positivt med tilrettelegging av nærløype i eit relativt flatt terreng nærme fleire hytteområde. Terrenget består av ein god del myr og det er bekkar i området som krev noko tilrettelegging. Det vil vere mogleg å preparere delar av traseen ved mindre tiltak som hugging av nokre tre.

**Konklusjon:**

Forslaget tas med i det vidare planarbeidet under føresetnad at løypa kan køyrast utan større terrengeinngrep.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel<br>innspel til planen<br>preparert løype<br>skiløype i KPA<br>sykkelrute i KPA<br>turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak<br>2: Nokså viktig<br>3: Lite viktig<br>4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="5">14</td><td rowspan="3">Hovden</td><td>22/99-13</td><td>Marius Bakken</td><td>Undergang (Y-forma) under Nedre Hovdenutvegen og den planlagde Vestbakken-vegen for å unngå vegpasseringar til dei prioriterte hovudløypene. Reduserer biltrafikk og gjer det meir barnevenleg.</td><td rowspan="3"></td><td rowspan="3">Kostbart.<br>4</td></tr>
<tr><td>22/99-19</td><td>Marius Bakken</td><td>Y-forma kulvert.<br>Overgang over Nedre Hovdenutvegen for å kople Fjellparken og Dyregrendi/øvre Djupetjønn saman med løypa.<br>Tilrettelegging for langrenn frå Hovdenut/vestheisen og Fjellparken, og for alpinistar frå Fjellparken</td></tr>
<tr><td>22/99-17</td><td>Ressursgruppa v. Jan Willy Føreland</td><td>Saumlaus langrennstilgang frå Fjellparken, Sentrum og alpinanlegg.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Tiltaket medfører kryssing av hovudleidningar for VA. Undergang vil gå for djupt og er ikkje gjennomførbart basert på dette. Alternativ løysing kan vere overgang. Forslaget er positivt med tanke på trafikktryggleik og samankopling av løypenettet. Tiltaket er kostnadskrevjande. Det er regulert skibru over fv3822 nærme krysset Sloarosstigen i planID 200915. Det er mogleg å betre tilrettelegging av tilkomst til den planlagte skibrua i planarbeidet.<br>Konklusjon:<br>Tiltaket tas ikkje med i det vidare planarbeidet.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 15 | Hovden | 22/99-1<br>22/99-5<br>22/99-16<br>22/99-19 | Marius Bakken | Ny skiløype mellom Fjellparken, sentrum og alpinanlegg og hovudlangrennsløypene for å unngå å ta av skia og biltrafikk. |  | Trase langs g/s-veg.<br>**3-4** |
| | | 22/99-6 | Torvald Gautland | Samanhengande løype på begge sider av brua for å redusere slitasje på vegen når løypemaskinen køyrer på bar asfalt. | | |
| | | 22/99-11 | Referat frå møte med Destinasjon Hovden, Hovden løypekøyring og Bykle kommune. Pkt. 5 | Det bør vere samanhengande løype frå dagparkering sør mot Storenos/Sloaros/Fjellparken (forbi Høgfjellssenteret, langs Skisentervegen). | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Forslaget er i konflikt med kryssing av framtidig veg til Granebu. Det er regulert løypetrase frå barnebakken og over vegen og elva i planID 200915. Det er sett i gang planlegging av tilkomst til Granebu som bør inkludere regulering av skibru eller kulvert for løype. Pr i dag går løypetraseen via Nystøyl. Den gir ei lengre løype, men bidrar til å unngå kryssing av Nystøylvegen. Det er kostnadskrevjande å etablere bru/kulvert forbi dei eksisterande avkøyrslane.

**Konklusjon:**

Forslaget tas ikkje med i det vidare planarbeidet. Regulerte løypetrasear med kryssing bør ligge til grunn for vidare tiltak.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · preparert løype · sykkelrute i KPA<br>innspel til planen · skiløype i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 16 | Hovden | 22/99-18 | Tverrfjellgrenda hyttevel | Oppretthalde skiløypa Løyningsåsene for å behalde tilgang til øvrig løypenett. |  | 1-2 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Løypeparsellen «Løyningsåsane» er ein eksisterande trase som blir preparert. Den gir ei god samankopling av løypenettet i Hoslemo og Ørnefjellsområdet. Traseen ligg delvis i trekkområde for villrein (jf. naturbase).

**Konklusjon:**

Løypetraseen blir oppretthalde i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 17 | Bykle | 22/99-23 | Steinar Tveiten v. Stian Stedal | Utviding av løypenettet frå Byklestøylane til Bykle. Eventuelt til Hoslemo. Ikkje lysløype. Pkt.1. |  | Bruke nye turvegar. Rydde Ålmannvegen. 1-2 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Samankopling av løypenettet er ønska utvikling. Terrenget er prega av myr og skogsbotn. Det er nokre veldig blaute parti der det truleg bør leggast kloppar. Traseen er ikkje brei nok for køyring av trakkemaskin og heller ikkje rydda. Mest aktuelt med sommarløype og gjerne som del av kulturhistoriske vandringar.

**Konklusjon:**

Etablering av sommarløype inngår som del av planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 18 | Bykle | 22/99-23 | Ola Mosdøl v. Stian Stedal | Ønskje om røyr i bekken for å unngå oversvømming ved flaum. Gjeld eigedom 13/1. Pkt. 2.<br><br>*Plassering i kart er ikkje nøyaktig.* |  | 1-2 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Løypetraseen til Støyledalen er ei prioritert løype i Bykleregionen som ei fin utviding av runda rundt Jarekollen. Løypa ligg i dalbotnen i utkanten av villreinen sitt leveområde. Terrenget er i stor grad myr og noko skogsbotn. Tiltaket er utført ved at det er lagt ned røyr som skal avhjelpe oversvømming ved flaum.

**Konklusjon:**

Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet sidan det er utført.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | **Prosjektgruppa si prioritering**<br>1: Viktig tiltak · 2: Nokså viktig · 3: Lite viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 19 | Hovden | 22/99-28 | Bente Karin Urdal Vinje | Rundløype utan vegkryssing m. over- og undergangar. Skiløype som kan bli brukt som turløype resten av året. Breidde som gir moglegheit for preparering. Vintervandreveg som følgjer skiløypa, alternativt kan delar leggast lengre frå. Knytte andre skiløyper til rundløypa.<br>Attraktiv og tilgjengeleg løype vil gi redusert biltrafikk og eit godt alternativ til løyper i villreinområda. |  | Kanskje problematisk i høve kost/nytte, men generelt positivt å binde saman.<br>Ikkje vurdert. |
| | | 22/99-107 | Tanja Bertheussen | Gjeld skiløyper nær Hovden sentrum: Utbygginga av hyttefelt medfører stadig fleire kryssingspunkt for skispor. Her må langrennsløparane ta av skiene. Frå Hovdenut til skistadion er det meir enn 5 slike kryssingar. Viktig med omsyn til miljø, trafikktryggleik og parkering. | | |
| | | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Undergangar i sentrum: Fleire konkrete stader er foreslått, blant anna Otrosåsen, Fjellparken, Nedre Hovdenutvegen og Skisentervegen på austsida av Otra. Desse tiltaka vil betre flyt og tilgjengelegheit for barnefamiliar og besøkande, og redusere behovet for å ta av og på ski i sentrum kor ei rundløype er ønska. | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det er positivt med gode nærløyper med god tilrettelegging. Det er eit etablert løypenett i sentrum i dag, men traseen har nokre kryssingar av veg. Etablering av over- og undergangar er kostnadkrevjande. Løypenettet i sentrum fungerer nokså bra som den er i dag. Det er mange omsyn å ta og det er fokus på moglege forbetringar innanfor fornuftige rammer i planarbeidet.

**Konklusjon:**

Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet. Det er eit mål å legge til rette for ei samla forbetring av tilbodet i sentrum gjennom andre tiltak.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 2: Nokså viktig · 3: Lite viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 20 | Midt | 22/99-38 | Ressursgruppa v. Jan Willy Føreland | Opparbeide trase for 2-300 meter skiløype parallelt med Tverrheivegen ved Tverrfjellgrenda. I dag må en gå 2-300 meter på vegen ved Tverrfjellgrenda når en skal fra Hoslemoløypa til Golfbanen. Pkt. 1. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet bidrar til å binde saman løypenettet i området. Grunna tilkomst til Tverrfjellgrenda hyttegrend, må løypetraseen eventuelt bli lagt på utsida av vegen. Terrenget består i hovudsak av skog. Området er innanfor trekkområde for villrein.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 21 | Hovden | - | Internt notat med innspel | Etablere skiløype på gamlevegen mellom Solheimsmoen og Badstogdalen. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet bidrar til å kople fritidsbustadane i Solheimsmoen til løypenettet ved å nytte g/s-vegen som trase. Strekninga er ca 1,2 km og bli preparert pr i dag. Erfaringsmessing gir løypetrase så nærme rv9 problem med grus i traseen ved brøyting av rv9. G/s-vegen er Statens vegvesen sitt ansvar, så endra bruk på vinteren må vere avklart med dei.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 22 | Midt | 22/99-38 | Ressursgruppa v. Jan Willy Føreland | Etablere kulvert under Rv9, som mogleggjer samankopling mellom Vidsyn og løypenettet ved Nordli). Pkt. 3. |   | Ikkje vurdert. |
| | | 22/99-109 | Dag Skagestad | Etablere skikuvert- kryssing rv9 ved Nordli. Den vil binde saman skiløypenett i midtregionen til eit lengre løypenett som vil ligge lågare i terrenget og i mindre grad gi konflikt med omsyn til villrein. | | |
| | | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Kulvert under Rv. 9 ved Vidsyn–Nordli: En kulvert her vil gi trygg ferdsel og binde samen løypene. | | |
| | | 22/99-106 | Vidsyn velforening v. Øystein Kilander | Behov for samankopling av løypenettet aust/vest ved Norli/Ørnefjellvegen. Skiløparar kryssar rv9 i dag. Kulvert kan også bli nytta av syklistar. | | |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Kulvert er politisk vedtatt og under utføring i samband med Statens vegensen si opprusting av rv9 i området. Kulvert er regulert i planID 202112.

**Konklusjon:**

Innspelet tas ikkje med i det vidare planarbeidet sidan prosjektet er vedtatt og finansiert. Kulvert blir realisert i samband med vegprosjekt i området.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel<br>innspel til planen<br>preparert løype<br>skiløype i KPA<br>sykkelrute i KPA<br>turveg i KPA | **Prosjektgruppa si prioritering**<br>1: Viktig tiltak<br>2: Nokså viktig<br>3: Lite viktig<br>4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 23 | Midt | 22/99-38 | Ressursgruppa v. Jan Willy Føreland | Rette ut farleg sving ved stor stein i botnen av bratt bakke. Er viktig og har vært spilt inn til kommunen som forslag mange gonger over mange år. Pkt. 4. |  | Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Løypeparsellen «Løyningsåsane» er ein eksisterande trase som blir preparert. Den gir ei god samankopling av løypenettet i Hoslemo og Ørnefjellsområdet. Traseen ligg delvis i trekkområde for villrein. Forbetring som gjer løypetraseen tryggare, er ønskjeleg.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 24 | Midt | 22/99-38 | Ressursgruppa v. Jan Willy Føreland | Etablere tilkoplingsløype 50-60 meter over myr frå hyttefelt Tverrfjellgrenda til løypa Løyningsåsene (Tverrheii). Viktig for barnefamiliar. Pkt. 5. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet bidrar til enklare tilgang til løypenettet frå Tverrfjellgrenda hyttefelt. Det er eit kortare strekk der terrenget i stor grad er myr. Tiltaket ligg i trekkområde for villrein.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 25 | Midt | 22/99-38 | Ressursgruppa v. Jan Willy Føreland | Generell oppgradering og tilrettelegging for køyring ved mindre snø: Grunnpreparering på barmark, legge røyr i grøfter fleire stader, rette ut svingar, hugge tre. Gjeld heile løypetraseen frå Hoslemoløypa via Tverrfjellgrenda til Ørnefjell. Pkt. 6.<br><br>*Sjekke manuelt løypekart kor lang traseen er* |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Utbetring av eksisterande preprarert løypetrase for å legge til rette for lengre sesong, aukar attraktiviteten i løypenettet i låglandet. Traseen passerer trekkområde til villreinen. Dei foreslåtte tiltaka innber ein del kostnadar. Løypetraseen blir nytta både av fastbuande og hyttebuarar i området.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet som mindre tiltak langs ein eksisterande trase.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel<br>innspel til planen<br>preparert løype<br>skiløype i KPA<br>sykkelrute i KPA<br>turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak<br>2: Nokså viktig<br>3: Lite viktig<br>4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="3">26</td><td>Hovden</td><td>22/99-42</td><td>Haakon Haaland</td><td>Utvide Vidmyrløypa nordover. Denne er veldig populær, men kort. Går det ikkje an å lage en rundløype kanskje helt opp til Bjåen. Halde den litt lågt slik at den blir brukt også når det er litt vind? Pkt. 1.</td><td>
</td><td>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Innspelet kan vere eit godt og meir villreinvenleg alternativ dersom løyper på austheia må reduserast. Terrenget er flatt og består i stor grad av myr. Det gir enkel legging av trase. Eit alternativ er å snu ved Mjåvassåi og følgje vegen mot rv9. Krev kryssing av bru over elv nord for Lislevatn og utbetring av terskel sør for Lislevatn. Traseen ligg innanfor villreinen sitt leve- og trekkområde.<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet. Traseen blir lagt inn fram til Mjåvassåi.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, preparert løype, sykkelrute i KPA, innspel til planen, skiløype i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 27 | Hovden | 22/99-42 | Haakon Haaland | Løype inn over Hartevann inn Vesterdalen. Helst over Enden, men mogleg at det er konflikt med rein. Pkt. 2. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet er delvis i tråd med preparert trase, med ei utviding over Enden. Den følgjer Vesterdalen i vest med delvis myrlendt terreng opp til høgfjellet og Enden. På austsida følgjer den Kaldsåni til Hartevatn. Den preparerte løypa snur på sørsida av Kaldsåvatni. Traseen ligg i villreinen sitt leveområde. Traseen er kopla til løypenettet i Røyrvikåsen og Otrosåsen. Traseen gir tilgang til høgfjellsområde som eit alternativ til austheia med omsyn til villrein. Det kan vere ei utfordring med preparering på Hartevatn.

**Konklusjon:**

Innpelet tas med i det vidare planarbeidet som ei alternativ høgfjellsløype og med tanke på dynamisk løypeforvaltning.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 28 | Hovden | 22/99-42 | Haakon Haaland | Ny trase frå toppen av Galten til Lislefjødd. Pkt. 3. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspel om tilrettelegging av skiløype frå toppen av Galten og til Lislefjødd. Traseen ligg i villreinen sitt leveområde. Det er eksisterande trase på austsida over Galteflotti som blir preparert i ei avgrensa periode og blir stengt på kort varsel om det er villrein i området. Den foreslåtte traseen vil også måtte bli behandla på same måte. Ei eventuell preparering av traseen bør vere dynamisk der det tas omsyn til om det er villrein i området.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 29 | Hovden | 22/99-42 | Haakon Haaland | Spørsmål om kommunen har vurdert anskaffing av litt lettare løypemaskiner. Vil bety smalare spor etc., men mogleggjere tidlegare start og litt mindre preparering av terrenget på sommaren. | Utan kart | Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Prepareringa blir utført av Hovden løypekøyring. Det er deira vurdering kva for utstyr som er best eigna.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet inngår ikkje i det vidare planarbeidet. | | | | | |
| 30 | Hovden | 22/99-40 | Sigrid Margrete Hansen-Tangen | Informasjon om løypeforhold er etterretteleg og forutsigbart. Det hadde vært til stor hjelp om det kom ut informasjon dagen før/tidleg morgon om kva som er planlagt køyrt opp, og omtrent når løypene er planlagt køyrt opp. | Utan kart | Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Prepareringa blir utført av Hovden løypekøyring. Informasjon om og status på preparering er tilgjengeleg på Hovden.com og Sporet.no (App Sporet) med daglege oppdateringar.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet inngår ikkje i det vidare planarbeidet. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel innspel til planen preparert løype skiløype i KPA sykkelrute i KPA turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 31 | Bykle | 22/99-11 | Referat frå møte med Destinasjon Hovden, Hovden løypekøyring og Bykle kommune. Pkt. 8 | Lage tilknyting frå lysløypa til Urarvegen (*kommentar: Støyldalen?*), som gir moglegheit for sykkel- rundtur via Bossvatn, Storetjønn, RV9 |  | Ikkje vurdert. |
| | | 22/99-44<br>22/99-50 | Bykle pensjonistlag v. Bernt Einar Berntsen | Samanbinding av lysløypa rundt Jarekollen – Støyledalsvegen. Tilrettelegging for barnevogn, el.rullestol, sykkel, fottur, skiløype, jakt og ved. | | |
| | | 22/99-109 | Dag Skagestad | Legge inn ny veg /sykkelveg/skiløype frå lysløypa nord for Kileleitet over til vegen i Støyledalen. Spesielt fin til tursykling med utgangspunkt i Byklebygda. | | |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Tilrettelegging for sommartrase frå ljosløypa til vegen til Støyldalen som er tilrettelagt for alle. Terrenget er delvis myr og skog. Samakoplinga vil gi eit auka turvegnett i gangavstand frå busetnaden i Bykle. Den foreslåtte traseen ligg utanfor leveområdet til villreinen, men vegen innover Støyldalen ligg delvis innanfor leveområdet.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet. | | | | | |
| 32 | Hovden | 22/99-45<br>22/99-49 | Bykle pensjonistlag v. Bernt Einar Berntsen | Ønskje om utplassering av benkar langs skiløyper og turvegar på sommarstid på Hovden. Stimulere til fysisk aktivitet. | Utan kart. | Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Kommunen har kjøpt inn ca 10 benkar som skal bli plassert ut på Hovden. Det er eit godt tiltak som gjer det enklare å ta pauser langs traseane.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet sidan det straks er utført. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 33 | Hovden | 22/99-46 | Moltetun velforening v. Hans Petter | **Alternative trasear**: Sommartrase frå dagparkering nord til Galten, alternativt via Hyttenut. |  | Ikkje vurdert. |
| | | 22/99-109 | Dag Skagestad | Turveg til Galten. Denne blir nytta i dag og er «universelt» utforma. | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det nordre innspelet følgjer eksisterande bilveg og er tilrettelagt for mange. Dei to andre traseane følgjer stiar i eit terreng med delvis myr og skog. Dei har utgangspunkt nærmare hytteområdet som gjer dei lettare tilgjengelege. Alle traseane ligg i leveområde for villrein og dei to i sør delvis i trekkområde.

**Konklusjon:**

Den nordre traseen bli tatt med i det vidare planarbeidet som ein godt tilrettelagt trase for mange. Ein av dei to andre traseane blir også tatt med. Val av trase blir gjort i den vidare vurderinga.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 34 | Hovden | 22/99-47 | Lundane hyttegrend velforening v. Jan-Erik Svendsen | Etablere en gangbru frå Lundane litt nord for Hovden Fjellstoge og krysset over Otra til Vidmyr.<br>En bruforbindelse over til Vidmyr ville v ært med på å avlaste løypenettet. |  | Samanbinding Vidmyr – Lundane bør bli oppretthalde, ikkje skrinleggast. |
| | | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Prioritet 2:<br>Bru tilpassa trakkemaskin over Otra ved Fjellstova. Koplar løypene aust og vest for Otra, og reduserer behovet for å krysse elva på usikker is. Det finnes allereie steinfylling ved Lislevatn som mogleggjer maskinkøyring. Tiltaket er modent for realisering og bør prioriterast. | | |
| | | 22/99-109 | Dag Skagestad | Plan om sambinding av skiløypa på Vidmyr og Lundane ved Fjellstoga, bør skrinleggast. Rv9 har skiundergong ved rundkøyringa nærare Hovden sentrum. Her blir det også planlagt skibru over Otra.<br>Nedbrøyting av snøkantar må vere prioritert ved Fjellstoga og Dagparkeringsplassen der det er fotgjengartrafikk over rv9. | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Samanbinding av løypenettet aust-vest ved Hovden Fjellstoge vil auke kvaliteten på løypenettet i låglandet. Det er pågåande planprosess som inkluderer skikulvert for kryssing av rv9. Det blir arbeidd vidare med planen inkl. søknad om dispensasjon frå verneforskriftene. Bru over Otra til Vidmyr inngår i planarbeidet.

**Konklusjon:**

Løypetrase inkl. bru blir tatt med i planarbeidet i tråd med reguleringsplanen.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel<br>innspel til planen<br>preparert løype<br>skiløype i KPA<br>sykkelrute i KPA<br>turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak<br>2: Nokså viktig<br>3: Lite viktig<br>4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="3">35</td><td rowspan="3">Midt</td><td>22/99-14<br>22/99-25<br>22/99-26</td><td>Steinsland, Nylund og Berdalen hyttevelforeining</td><td>Skiløypa Berdals-S'en bli permanent og gjerne adaptiv. Ønskjer tiltak som knyter løypenettet betre saman, tiltak som drenering, fjerning av vegetasjon, betre underlag.<br>Løypa mellom Steinsland og Berdalen er bra. Forbetring av underlag Steinsland-Nylund. På noko sikt bør det vurderast om traseen kan leggast noko høgare opp enn i dag. Med ei utbetra løype vil rundturen Nylund – Flatane (utan løype) – Berdalen – Steinsland – Nylund eller omvendt vere ein attraktiv tur for store og små.</td><td rowspan="3">
</td><td rowspan="3">Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td>22/99-48</td><td>Steinsland hyttegrend velforening v. Gunnar Heimdal</td><td>Etablering av tidlegare adaptiv løype frå Nylund via Steinsland til Berdalen. Løypa tilfredsstiller målsetjinga om å knytte hytteområde til kommunen sitt løypenett. Løypa ligger i skogbeltet under høgfjellet. Evalueringsrapporten av adaptiv løypeforvaltning tiltaket har fungert godt.</td></tr>
<tr><td>22/99-109</td><td>Dag Skagestad</td><td>Låglandsløype Nylund - Berdalen går jf. kart gjennom trekkområde for villrein. Løypa vil trekke skiløparar vekk frå fjellterrenget aust der reinen mest oppheld seg. Denne løypa vil redusere presset mot villreinen.</td></tr>
<tr><td></td><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td></td><td colspan="6">Innspelet vil gi ei samankopling mot Berdalen. Traseen krev betydeleg grunnarbeid og kryssing av elv og er derfor krevjande å vidareføre. Traseen ligg i leveområde for villrein og delvis i trekkområde som har gav motsegn til traseen ved tidlegare behandling av sti og løypeplanen. Dette var ei av dei adaptive løypene. Traseen vil gi eit betre løypetilbod i lågare terreng.<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel innspel til planen preparert løype skiløype i KPA sykkelrute i KPA turveg i KPA | **Prosjektgruppa si prioritering** 1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 36 | Hovden | 22/99-52<br>22/99-53<br>22/99-55<br>22/99-75 | Helge Gabrielsen | **Skiløype** langs elven mellom Lykkestaden og eksisterande bru med forlengelse mot nord slik at en kan kjøre løypemaskin helt opp til Lykkestad Nord med tilkomst frå Dyregrendi. |  | Ikkje vurdert. |
| | | 22/99-108 | Anne og Jesper Thielecke | Opparbeide eksisterande sti på vestsida av Otra slik at den kan brukast f.eks. på **sykkel**. Slik kunne området bli til ei lita rundløype om sommaren. | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Tilkomsten fra vest til denne løypa vil gi økt ferdsel både langsetter og kryssende Skisentervegen som har mykje biltrafikk i skisesongen. Dette er negativt i forhold til trafikktryggleik. Tiltaket gir avgrensa nytte. Samanbindinga krev store terrenginngrep i eit område med urørt preg. Den søre delen av traseen er regulert i planID 201902. Regulerte trasear blir tatt med i planarbeidet.

**Konklusjon:**

Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt — gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering — 1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 37 | Bykle | 22/99-58 | Åsmund Hoslemo og Karen Synnøve Rysstad | Vasstrasè til Heitjønn er ein mykje brukt turveg. Pr. no er det køyreveg fram til eigedom (14/7), og det er etablert parkeringsplass på eigedomen. Det er ønskeleg at det blir etablert ein 2,5 til 3 meter brei veg vidare frå P-plass og opp til kommunal vassbu ved Heitjønn. Det vil forenkle vedlikehald av vassbuene og betre tilrettelagt turveg. |   | Bra som det er i dag. 3 |
| | | 22/99-110 | Silje Marie Rygnestad Nesvaag | Støttar forslaget om oppgradering av sti til Heitjønn. | | |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | «Anleggsvegen» helt opp til Heitjønn er i dårlig stand, og treng opprusting. Den er farbar for turgåarar, men ikkje framkommeleg med køyretøy på sommaren, og vanskeleg på vinteren. Det er derimot ikkje ønskeleg med meir aktivitet rundt drikkevasskjelda Heitjønn. Drikkevasskjelda er kritisk infrastruktur.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet tas ikkje med i det vidare planarbeidet. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt <br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering <br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig <br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 38 | Alle | 22/99-61 | Alf Ånund Breive | Kva for moglegheiter/alternativ tenkjer kommunen finst for å i større grad ta omsyn til grunneigarar med ingen/få hytter på bekostnad av grunneigarar som får brorparten av ny hyttebygging? Kva tenkjer kommunen om evt. forsterking av forskjellane mellom «skiløypegrunneigarar» og «tomtegrunneigarar» i framtida mot. nasjonale føringar på at framtidig hyttebygging først og fremst må skje gjennom fortetting? Bør det i så fall få konsekvensar på korleis ein utformar avtalene framover? | Utan kart | |
| | | 22/99-112 | Birgit Breive Lidtveit, Arne Kristian Helgøy, Frank Breive Skjævesland v. Oddbjørn Skjævesland, | Løypeavtaler og økonomisk kompensasjon: Nokr eigedomar ligg i område som er utelukka for etablering av hytter/hyttefelt grunna vern eller andre omsyn. Deira "bidrag" til hyttefolket og turismen generelt blir dermed å holde stiar og løyper for dei som har inntekter på nemnte verkemder. Vil derfor ikkje vidareføre løypeavtaler for sin del om ikkje satsane for løypeleige blir vesentleg oppjustert i forhold til kva dei får i tilsvarande avtaler dei som har eigedomar som det tillatast hytter på. | | |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Kommunen har sett på korleis dette er løyst i andre kommunar. Det er noko ulikt. Det er relevant å gjere ei vurdering av å legge til rette for kompensasjon som tar i vare den ulike graden av tomtesal. Tematikken er krevjande, så det kan vere at rammene for kompensasjon vil bli sett på i eigen politisk sak.

**Konklusjon:**

Innspelet tatt med i det vidare planarbeidet gjennom ei vurdering av behov for større endringar og eiga politisk behandling.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel<br>innspel til planen<br>preparert løype<br>skiløype i KPA<br>sykkelrute i KPA<br>turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak<br>2: Nokså viktig<br>3: Lite viktig<br>4: Uønskt</th></tr>
<tr><td>39</td><td>Midt</td><td>22/99-69</td><td>Truls Ryder</td><td>1. Hyttevegar gjer at folk trekker lengre inn i fjellet.<br>2. Opplever at nokre måler steinar i fjellet/ lager egne turvegar over vårt terreng utan vår tillating.<br>3. Turistforeininga i Agder har satt opp bru ved «Viervadet» nord for nordre Gjuvvatn utan tillating frå grunneigarar på kvar side av elva. (Merk: avsendar informerte i etterkant at grunneigar på andre sida av elva var kjent med tiltaket). Sjå raud pil.<br>4. Auka del turistar går topptur til Sæbyggjenuten- betydeleg meir belastning på villrein i området.</td><td>
</td><td>3</td></tr>
<tr><td></td><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td></td><td colspan="6">Det er viktig å ha god dialog med grunneigarar før det blir gjort tiltak på eigedomen sjølv om det er tilrettelegging for allmenn ferdsel. Kommunen har dialog med tiltaksvar Aust-Agder turistforening, og oppfordra dei til å søkje ettergodkjenning av brua. Brua er del av DNT sitt løypenett som også blir vurdert i samband med tiltaksplan for villrein. Krav til søknad om tiltak er forankra i gjeldande lovverk.<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet som ein del av vidare vurdering av DNT sitt løypenett.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 40 | Hovden | 22/99-70 | Bykle kommune v. næringsavdelinga | Sykkel- og rulleprosjekt med rullepark, pumptrack, nærmiljøanlegg og stisykling.<br>Stisykling er for alle, frå dei spenningssøkjande til barnefamiliar. Under synfaring av løypene vart det peika på fleire naturlege stader langs Hartevatn der det er mogleg å tenke seg etablering av raste- og badeplassar med benkar og grillplassar. Dette kan fungere som sosiale møteplassar for alle aldersgrupper.<br>Brukargruppa i rulleparken er slik som sykkel, rullebrett, sparkesykkel, BMX/triksesykkel og rulleskøyter. Det vil bli lagt til rette for alle ferdigheitsnivå.<br>Ein aktivitetspark ved Badeland gir god utnytting av areal som allereie ligg ferdig opparbeidd og regulert for formålet. Tilrettelegging av meir aktivitet sentrumsnært og i eksisterande infrastruktur bidreg til å redusera aktivitetar i meir sårbare område.<br>*Plassering av tiltaka er ikkje angitt i kartutsnitta.* |     | 2 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Etablering av ein rullepark og/eller aktivitetspark bør inngå i regulering for å sikre rett bruk av areal og god merverknad. Stisykling er aktuell tematikk i sti- og løypeplanen, men det er behov for innspel om aktuelle trasear. Etablering av raste- og badeplassar med benkar og grillplassar er aktuell tematikk. Dei bør helst ligge innanfor areal som er avsett til slikt formål. Det blir sett på om det er eigna areal i det vidare planarbeidet.

**Konklusjon:**

Etablering av raste- og badeplassar og moglege trasear for stisykling blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 41 | Bykle | 22/99-76 | Bjørn Erling Auestad | Tilkomst mellom nye sentrumsbygget og idrettsbanen. |  | 1 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det er meldt oppstart av planarbeid for sentrumsbygg med leilegheiter i området til bensinstasjonen (planID 202507). Turvegen bør inngå i revideringa av reguleringsplanen. Traseen går også inn pågåande planarbeid for fleirbrukshall (planID 202307). Turvegen legg til rette for ein rundtur i nærmiljøet. Det er ein sti i området som blir nytta i dag.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet. Traseen bli justert i tråd med resultatet av pågåande planarbeid.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 42 | Hovden | 22/99-82 | Eirik Hollekim | Preparert trase for langrenn mellom Hovdenut alpin og løypa i Fjellparken. Redusere bruk av bil og gi trygg tilkomst frå hyttefelt.<br>Det er allereie alpinløype til skisenteret men den er bratt og kryssar tre tilkomstvegar som er lite eigna for dei minste og langrenn med pulk. Den foreslåtte traséen går slakare, kan preppast enkelt og gir stor nytte for både hyttefolk og gjestar. |  | 1-2 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Løypetraseen er regulert i planID 200407 og 201007. Tilrettelegging for langrenn vil gi ei god tilknyting til eksisterande løypenett.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 43 | Midt | 22/99-89 | Arne Homme | Løypa rundt Stemtjønni bør preppast på same måte som Listøyl-løypa. Veldig fin runde.<br><br>Ønskje om køyring av løypa i Listøyl og Stemtjønni kvar dag, når ver/føre er ok. |  | Godt tiltak.<br>1 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet vil bidra til auka samankopling av løypenettet i området. Det blir allereie preparert løyper i området. Terrenget er skog og myr. Tiltaket er innanfor leverområde til villrein.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 44 | Midt | 22/99-89 | Arne Homme | Knytte saman Hoslemogrenda og løypa, slik at innbyggane i grenda slepp å køyre bil til Åsheim. NB! her er det viktig at også snøskuterløypa blir ivaretatt. Dette bør vere mogleg å kombinere. |  | Samanbinding. Nærmiljø. 1 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Tiltaket vil gi fastbuande lettare tilgang til løypenettet og redusere behovet for bil for å kome ut i løypenettet. Traseen går langs Stedjevegen og terrenget består av myr og skog. Tiltaket er delvis innanfor leveområde til villrein.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med vidare i planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 2: Nokså viktig · 3: Lite viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 45 | Hovden | 22/99-91 | Jan Spieler | Løypa ved Hartevasstjørni leggast noko ned i forhold til dagens løype, og følger myrene opp til det vesle vatnet (kor den møter dagens løype) Denne løypa er lettare å køyre opp da den krev mindre snø enn dagens løype.<br><br>Ei flott løype i (desember) januar og tidleg februar når det er kaldt, vind og ikkje forhold for lengre skiturar på fjellet. Fin rundtur opp til Hartevasstjønn. Denne løypa er også en lett og hyggeleg tur for barnefamiliar. |  | Fordel at den er ned mot vatnet.<br>2 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Tilrettelegging for kombinert bruk av trasear er positivt, og rundløyper er eit godt tiltak for å kanalisere ferdsel og kople saman traseane. Det er også eit godt tiltak med tanke på tilrettelegging for sykling og turløyper i barmarksesongen. Auka aktivitet i nedbørsområdet kan påverke drikkevasskjelda i Hartevasstjønn negativt. Auka ferdsel aukar risikoen for utilsikta forureining og sårbarheit for hendingar som er vanskelege å oppdage raskt. Drikkevasskjelder er kritisk infrastruktur og kommunen pliktar å sikre trygt drikkevatn. Same vurdering som innspel nr 8.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med vidare i planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 46 | Hovden | 22/99-92 | Joakim Skog | Stien/stiane opp til juvet krev vedlikehald.<br>Å gå/løype langs Byrtemannsbekken opp til juvet, er noko av det finaste vi har lokalt som ein enkel og tilgjengeleg sti, som passer for alle. Stiane er generelt dårleg merket, vedlikehalde og utforma. Foreslår at det blir laga ein god sti, der alle vil forhalde seg til en sti, å unngå å skade meire natur for å unngå våte parti.<br>Mogleg den finaste stien som passar alle lokalt på Hovden. | <br> | 1 |
| | | 22/99-99 | Ann Ebeltoft | Sti langs Byrtemannsbekken. Utbetring/vedlikehald da den delvis gå over våte område og har blitt djup/nedslite enkelte stader. Gjeld heile rundløypa. | | |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Gjeld utbetring av ein eksisterande turveg med tanke på utforming og merking. God tilrettelegging bidrar til kanalisering av ferdsel og avgrensar slitasje på utsida av merka trase. Det er ein mykje brukt sommarturveg som er lett tilgjengeleg for både fastbuande og besøkjande. Traseen ligg delvis innanfor leveområde til villrein.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 47 | Midt Bykle | 22/99-94 | Rønnaug Torvik | Lage ein ny trase frå bekkeinntaket på Langkodd ned til tunnelopninga på Øystøl slik at det blir jamn stigning. Det er veldig vanskeleg å kome seg ned på ski der stien/skuterløypa går nå. Truleg nok å rydde litt skog for å få dette til.<br><br>Veldig fin tur å gå frå Hoslemo til Bykle på ski. |  | Lite ferdsel.<br>3 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det går ein sti frå Øystøl opp langs Kveråni som gir tilkomst til heieområda frå Støyldalen. Det er eit bratt parti. Det er lite ferdsel langs stien. Med tanke på skiløype så kan traseen bidra til samankopling med løypenettet i midtregionen via Hoslemoskaret. Traseen ligg i leveområde for villrein.

**Konklusjon:**

Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet grunna avgrensa ferdsel i dag og omsyn til villrein.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 2: Nokså viktig · 3: Lite viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 48 | Hovden | 22/99-95 | Gunnar Danielsen | Turløype nr 3 passerer i dag tett i hytteveggen på Byrtemannsbekken 58 og 82. Forslag om at stien leggast der vegen sluttar mellom Byrtemannsbekken 51 og 86.<br>Det vil da vere kort avstand opp til turløype 3, og løypa går ikkje over privat grunn. I reguleringsplanen står vegen mellom 51 og 86 med moglegheit til vegforlenging. |  | 3 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Turløype 3 ligg ikkje i gjeldande sti- og løypeplan. Traseen gir ei god kopling frå turvegen langs Solsetervegen til Byrtemannsbekken hyttegrend. Justeringa av traseen jf. innspelet bør sjåast på. Planarbeidet bør gjere ei generell vurdering av om dei merka turløypene skal inngå i planen.
Konklusjon:
Ei generell vurdering av merka turløyper blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 49 | Bykle | 22/99-96 | Elisabeth B. Spockeli og Bjørgulv Bjørnarå | Ønskjer ikkje tursti over eigedom og ber om at den blir fjerna frå sti- og løypeplanen. |  | Behalde denne. 3 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen er ikkje etabert som tursti. Den ligg som foreslått tursti i gjeldande sti- og løypeplan. Turstien vil vere eit bra supplement til turtilbodet i søre del av kommunen. Traseen ligg utanfor leveområde for villrein. Det er viktig å ha god dialog med grunneigarar med omsyn til eventuell rydding og merking.

**Konklusjon:**

Turstien blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet grunna ønskje frå grunneigar.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 50 | Hovden | 22/99-97 | Bykle og Hovden Rideklubb | Vinterrideløype Røyrvikåsen:<br>Om vinteren er det veldig avgrensa moglegheiter for å ri ute, det blir berre på gangveg og langs veg. I helger og andre periodar med mykje folk er ikkje det særleg gunstig, spesielt ikkje om ein ønsker litt å ha litt fart på hesten. Vi ønskjer difor å få lagt inn ei lita rideløype, som innimellom kan køyrast opp med trakkemaskin eller haldast open på anna vis. Ei slik lita løype vil auke trivselen og er god dyrevelferd. |  | Ungdomsrådet har ytra ønskje om at det blir sett på moglegheit for å ri i området.<br>1 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det er eit aktiv ridemiljø på Hovden. Tilrettelegging for heilårsaktivitetar også ute er eit godt tiltak. Det er mykje aktivitet i området som i stor grad kan kombinerast med ei vinterrideløype. Tiltaket inneber tillating til å nytte ein gitt trase til utsetting av hinder som tas inn etter bruk.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 51 | Hovden | 22/99-99 | Ann Ebeltoft | Sti/traktorveg opp mot Krossloskardet er vanskeleg å gå med mye steinar da lausmasser er vasket ut. Slik den ligger nå går man heller ved sidan, og får dermed ein mykje breiare slitasje. Fort gjort å trakke feil og snuble om ein går i nåverande sti. |  | *Kommentar frå Torvald:* Det er grusa opp. 2 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet gjeld utbetring av sommartraseen til Krossloskardet. I følgje Torvald Gautland er traseen grusa opp og tiltaket er utført.

**Konklusjon:**

Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet sidan det er utført.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel<br>innspel til planen<br>preparert løype<br>skiløype i KPA<br>sykkelrute i KPA<br>turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak<br>2: Nokså viktig<br>3: Lite viktig<br>4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="3">52</td><td>Hovden</td><td>22/99-100</td><td>Arild Skog</td><td>Det gjelder snarveier i mellom byggefelta Stussli Belglii og Jernvegen. Desse burde oppgraderast med litt grusing og utsetting sånn at det kan bli lettare for barnevogner og eldre å ferdes imellom.<br><br>Ikkje kartfesta i innspelet.</td><td> </td><td>2</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Forbindelsesveg mellom Blesterkroken i Stussli og Jernvegen i Austmannlii er ferdig regulert og etterspurt i mange år. Den må bli utforma med 3m asfaltert breidde for vinterdrift. Påkoblingspunkt i Blesterkroken er noko omdiskutert da det er veldig nærme ein privat oppkjørsel. Forbindelsesvegen vil gi veldig god effekt på lettare ferdsel for gåande i byggefelta.<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet, sidan samanbindingane er regulert og relativt korte. Prosjekta bør bli forankra i investeringsbudsjettet.</td></tr>
<tr><td rowspan="3">53</td><td>Hovden</td><td>22/99-101</td><td>Per Arvid Fatland</td><td>Ikkje behov for fleire løyper på Hovden. Vi trenger å holde de vi har, og knytte de samen, nord-sør, aust-vest.</td><td>Ikkje kart</td><td>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Det er planen si målsetting å behalde eksisterande og brukte trasear og skape funksjonelle forbindingar mellom desse. Planen skal gi eit godt bilete av løypenettet og seie noko om drift og vedlikehald av desse.<br>Konklusjon:<br>Innspelet er i tråd med hovudfokuset i planarbeidet.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 54 | Hovden | 22/99-102 | Bykle og Hovden Vekst AS V. Torvald Gautland | Mindre løype som lettar løypekøyring og som er tilpassa de som berre vil gå ein liten tur.<br><br>Forslag til løype slik at ein unngår fleire vegkryssingar. |  | 1 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet legg til rette for samakopling av løypenettet nærme sentrum og hytteområda. Terrenget er myrlendt. Traseen ligg utanfor leveområde for villrein.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 55 | Hovden | 22/99-102 | Bykle og Hovden Vekst AS V. Torvald Gautland | Rundløype ved Hegni:<br>Det krevast svært lite grunnarbeid, i hovudsak litt hogging av tre. Fordelen med en rundløype er en enkelt tilgang til en løype for familiar med små barn. Er også eit pluss at tråkkemaskinen kan køyre ei runde og ikkje fram og tilbake i same sporet. |  | 1 |
| | **Administrasjonen si vurdering** | Grøn: inngår i vidare planarbeid | | Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | |
| | Friområde og det er eit stinett i området i dag. Det er tidligere omtalt at denne strekninga er for smal for dei store løypemaskinene. Traseen bør bestå som barmarksløype langs elva. Tilrettelegging for preparering vil krevje ein del terrenginngrep. Etableringa av traseen vil vere ei nærløype i lett terreng. Traseen ligg utanfor leveområde for villrein.<br>**Konklusjon:**<br>Innsplelet blir tatt med i det vidare planarbeidet. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 56 | Midt | 22/99-103 | Kliff Erik Tallakson Hoslemo | Listøylløypa:<br>Legge små sildrebekkar/veiter i røyr slik at preparering kan starte tidlegare.<br><br>Ovanfor nemnde gjeld også på ekstrarunden vest for Listøylløypa. |  | 1 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Utebetring av eksisterande trasear er viktig for å lette løypekøyring og auke tryggleiken for brukarane. Tiltaka bør inngå i planarbeidet for å sikre drift og vedlikhald. Traseen ligg i leveområde for villrein.

**Konklusjon:**

Innsplelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 57 | Midt | 22/99-103 | Kliff Erik Tallakson Hoslemo | Hoslemoskaret:<br>Legge små sildrebekkar/veiter i røyr.<br>Bygge bru/legge ned store nok røyr i kryssinga av Tindebekken.<br>Bygge bru/legge ned store nok røyr i kryssinga av Stedjebekken.<br>Starte preparering av løypa tidlegare. |  | 1 |
| | | 22/99-89 | Arne Homme | Køyring av Hoslemoskaret tidlegare på året om føre/ver er ok. Avgrensingane bør vere etter påske og ikkje tidleg i sesongen. | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Utebetring av eksisterande trasear er viktig for å lette løypekøyring og auke tryggleika for brukarane. Tiltaka bør inngå i planarbeidet for å sikre drift og vedlikhald. Traseen ligg i leveområde for villrein.

**Konklusjon:**

Innsplelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 2: Nokså viktig · 3: Lite viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 58 | Hovden | 22/99-104 | Ivar Mjaaland | Sommarløype:<br>Ønskjer **bru** over Byrtemannsbekken. |  | Mogleg bidrag frå private.<br>2 |
| | | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | **Bru** over Byrtemannsbekken og elva ovanfor Skaret, for å sikre framkomst i område der kryssing er vanskeleg eller risikabelt. | | |
| | **Administrasjonen si vurdering** | Grøn: inngår i vidare planarbeid | Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | |
| | Det er eksisterande turruter langs Byrtemannsbekken. Fordel at turgåarar kryssar over bru i staden for å krysse bekken med omsyn til tryggleik. Byrtemannsbekken er reservevannkilde for Hovden Vassverk. Det er ikkje ønskeleg med meir aktivitet i nedbørsområdet til reservevasskjelda. Drikkevatn er kristisk infrastruktur. Å etabelere bru for kryssing kan bidra til å styre ferdselen.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet tas med i det vidare planarbeidet. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 2: Nokså viktig · 3: Lite viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 59 | Bykle | 22/99-105 | Bykle næringslag v. Unn Hovden | Foreløpig trase for kulturvandring i Bykle kyrkjebygd. Bykle næringslag har fått støtte frå ordninga "Villreinen som verdiskapar" til å skilte og tilrettelegge ei kulturvandring i kyrkjebygda. Det er tenkt ein trase som er ei blanding av gangveg, lysløype, tursti og den gamle Ålmannvegen, der ein går innom både Bykle gamle kyrkje, Lislestog, Huldreheimen, Bykletunet m.m. Mogleg å sjå på alternative ruter i området. |  | Er på gang.<br>1 |
| | | 22/99-110 | Silje Marie Rygnestad Nesvaag | Støtter forslag om oppgradering av Ålmannvegen generelt. | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Prosjektet kulturvandring i regi av Bykle næringslag under planlegging. Å imblementere turvegen i sti- og løypeplanen gir ei god forankring av prosjektet og bidrar til å sjå traseen i samanheng med det resterande løypenettet. Traseen legg til rette for nærtur både for fastbuande og besøkjande.

Konklusjon:

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 60 | Midt | 22/99-38 | Ressursgruppa v. Jan Willy Føreland | Etablere skibru over elva mellom Golfbanen og Vidsyn. Det mogleggjer samanhengande løype Tverrheivegen (Vidsyn). Pkt. 2. |  | Kostnadsberekna og regulert.<br>2 |
| | | 22/99-106 | Vidsyn velforening v. Øystein Kilander | Bru over Otra v/ golfbanen er et svært viktig tiltak for å sikre kopling av skiløype mellom Vidsyn og Tverrhei/Ørnefjell/ Hoslemo-løypa. | | |
| | | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Skibru mellom golfbanen og Ørnefjell: Denne forbindelsen vil sikre samanheng og maskintilgang utan bruk av bilveg. Traséen er allereie i bruk av tråkkemaskin, og det gjenstår primært å etablere en permanent bru og sikre grunneigaravtalar.<br>(Prioritet 2) | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Skibru mellom golfbanen og Ørnefjell er regulert i planID 202207. Tiltaket er kostandsbrekna og ligg i økonomiplanen med realisering i 2029. Regulert trase bli rlagt inn i sti- og løypeplanen.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i sti- og løypeplanen ved att regulert løypetrase og bru blir lagt inn i plankartet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · preparert løype · sykkelrute i KPA<br>innspel til planen · skiløype i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 61 | Midt | 22/99-106 | Vidsyn velforening v. Øystein Kilander | Etablere allereie godkjent løypetrase frå planlagt kulvert rv9 og gjennom Geiskelid hyttefelt for å etablere rundløype i området Geiskelid/Nylund/Nordli. |  | 1 |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen er regulert i planID 202402 og 20204. Løypetraseen blir lagt inn i sti og løypeplanen i tråd med reguleringsplanen. Etablering av traseen vil saman med kulvert under rv9 binde saman løypenettet i midtregionen og auke kvaliteten på løypenettet i låglandet.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med vidare i planarbeidet ved at løypetraseen blir lagt inn i tråd med reguleringsplan.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 62 | Midt | 22/99-106 | Vidsyn velforening v. Øystein Kilander | Skilting og utbetring av trasear vinter:<br>• Behov for skilting i løypekryss Nordli og Vatnedalsdammen (Hoslemoløypa).<br>• Tilgangen til beståande høgfjellsløyper er god frå Geiskelid, Nordli og Badstogdalen.<br>• Innforstått med at det kan bli endringar og restriksjonar i løypenettet Auversvatn-området. | Utan kart | 1 |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Skilting og merking av løypenettet gir trygg ferdsel og er med på å styre ferdselen. Det er ein del av tematikken i planarbeidet. Å behalde høgfjellsløyper er ønska, og bidrar til eit variert løypetilbod. Omsyn til villrein veg tungt i planarbeidet, men det blir arbeidd med å finne dynamiske løysingar i samråd med faglege tilrådingar.<br>**Konklusjon:**<br>Skilting og merking tas med i det vidare planarbeidet. Innspelet elles tas til orientering. | | | | | |
| 63 | Midt | 22/99-106 | Vidsyn velforening v. Øystein Kilander | Skilting og utbetring av trasear sommar:<br>• Ikkje behov for opparbeiding av nye turstiar i nærområdet. Rydding/kvisting, legge ut gangbane (impregnerte bjelkar) over korte myrstrekk som sjølv i tørre somrar er svært våte og sølete. Enkelte bekkar treng litt steinsetting ev. plankar å gå på. Skilting vil heve kvaliteten og auke interessa.<br>• Ålmannvegen merkast med infoskilt lansg traseen. | Utan kart | 1 |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Det er mål om å behalde dei turstiane som er opparbeidd i dag. Planen vil seie noko om merking, drift og vedlikehald av tur- og løypenettet.<br>**Konklusjon:**<br>Merking, drift og vedlikehald blir tema i planen. Innspelet tas til orientering. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt — gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 64 | Hovden | - | Internt notat med innspel | Forbindelse mellom Auversvatn og Tjørnbrotbu. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen ligg i gjeldande sti- og løypeplan. Tjørnbrotbu er ei DNT-hytte og del av DNT sitt løypenett. Både kommunen og DNT sitt løypenett i området blir vurdert i samband med tiltaksplan for villrein. Traseen ligg i leveområde for villrein og delvis i trekkområde. Det er ikkje ønskjeleg å etablere nye løyper i området grunna omsyn til villreinen.

**Konklusjon:**

Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 65 | Midt | 22/99-106 | Vidsyn velforening v. Øystein Kilander | Parkeringsplassar for dagsturistar<br>• Badstogdalen<br>• Nordli/Ørnefjell<br>• Vatnedalen | Utan kart | 2 |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Dagsparkeringar bør bli regulert. Det er nokre område som er regulert til parkering i det nemnte områda. Sti- og løypeplanen bør avklare korleis parkerings skal bli løyst i utfartsområda med omsyn til bruk av grunn og vedlikehald.<br>**Konklusjon:**<br>Tematikken parkering tas med i det vidare planarbeidet. | | | | | |
| 67 | Hovden | 22/99-108 | Anne og Jesper Thielecke | Tilrettelegging for stisykling:<br>I området rundt lysløypene, med utgangspunkt i langrennsarenaen, som allereie har fasilitetar som parkering osv. Plasserast mot Otrososen/hyttebakken, ev. langs den delen av lysløypa som går på vestsida av Otra forbi støylsbrua og tilbake forbi Røyrviksåsen, slik at løypa ikkje kryssar asfaltert rulleskiløype. Samtidig vil nærleiken til grusstien i lysløypa gi moglegheit for å sykle på denne også, slik at det blir tilrettelagt for at familiar osv. med forskjellig nivå kan sykle saman. |  | Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Kombinert bruk av eksisterande trasear er positivt. Det er viktig at sambruk ikkje skapar konflikt, så det vil vere viktig å informere godt kva traseane kan brukast til.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet tas med i det vidare planarbeidet. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 68 | Bykle | 22/99-109 | Dag Skagestad | Universelt utforma turveg frå vassverket til Dagsturhytta på Jarekollen. Fokus på folkehelse – meistring og fysisk og psykisk helse.<br><br>Ikkje alle meistrar av ulike grunner å gå på naturstiar eller i terreng. Nokre er avhengige av rullestol. Sett i dette lys, ligg dagsturhytta vår vanskeleg og uheldig til. Ein universell utforma turveg opp frå vassverket til toppen av kollen. |  | Er dette gjennomførbart? Betre info om traseval + tilgang på info.<br>3 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det er ønskjeleg at alle skal kunne besøke dagsturhyttene. Tilgang for alle er ei vurdering opp mot den attraktive plasseringa som dagsturhytta har på Jarekollen. Dersom det er mogleg å oppgradere den eksisterande turvegen slik at den er tilgjengeleg for fleire, er det veldig positivt. Dagens trase har ei bratt stigning, så det er usikkert kor realistisk det er. Vidare vurdering blir gjort i samråd med Bykle IL.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet og det blir gjort ei vurdering av om det er mogleg å gjere traseen universelt utforma.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="3">69</td><td>Bykle</td><td>22/99-109</td><td>Dag Skagestad</td><td>Syner til stadutviklingsprosjektet. Turvegar og stiar i sentrum og ned mot Sarvsfossen og langs Otra mot Bykle-brua.</td><td>Utan kart</td><td>Bra tiltak for samanbinding.<br>2</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">I sentrum blir det sett på betre tilrettelegging og merking av turvegar. Langs Otra er det område med dyrka mark som det ikkje er mogleg å etablere turveg på. Innspelet er forstått slik det er tenkt ein trase langs Otra mellom elva og rv9. Innspelet syner til moglegheitsstudien for Bykle kyrkjebygd frå 2025, og det er eit viktig poeng. Studien sine forslag til turvegar blir følgd opp i innspel nr 124 – 126. Vidare er turvegar og stiar i sentrum omtala i innspel 41, 59, 75 og 76.<br>Konklusjon:<br>Innspelet om turveg langs Otra til Bykle-brua blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet.</td></tr>
<tr><td rowspan="3">70</td><td>Bykle</td><td>22/99-109</td><td>Dag Skagestad</td><td>Helseopphold på hotell, med individuelt tilrettelagte turar etter helsesjekk. Med 400 høgdemeter mellom juv og topp vil en legge rammer og potensiale for trening og rehabilitering innan bygda. Dette konseptet kan ha et kommersielt potensial.</td><td>Utan kart</td><td>Ikkje relevant?<br>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Eit spennande innspel som tenkjer bruk av dei lokale ressursane og kvalitetane som er i området. Det er på sida av temstikken i sti- og løypeplanen. Kanskje noko for lokale næringsverksemder å sjå vidare på?<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir ikkje med i det vidare planarbeidet.</td></tr>
</table>

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="3">71</td><td>Bykle</td><td>22/99-109</td><td>Dag Skagestad</td><td>Vidareføre g/s-veg frå Byklestøylane og til Byklebygda.</td><td>Utan kart</td><td>Positivt tiltak.<br>Ikkje relevant?<br>2</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Tema g/s-vegar inngår i planarbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Innspelet blir vurdert i den samanhengen. Det er aktuelt med opprusting av Ålmannvegen som går langs same strekket, men da som turveg. Sykkelrute 3 blir lagt inn i planen.<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet. Det blir heller vurdert tatt med i kommuneplanen sin arealdel.</td></tr>
<tr><td rowspan="3">72</td><td>Hovden</td><td>22/99-109</td><td>Dag Skagestad</td><td>Terrengsykkelløype frå Skarsmo til Hovden/Hartevatn.<br>Ålmannvegen over Ørnefjell er fin fottur og konflikt mellom «raske» terrengsyklarar og familiar på gåtur kan oppstå.</td><td>Utan kart</td><td>Positivt å bruke Ålmannvegen som trase.<br>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Kombinert bruk av trasear er i utgangspunktet positivt. Det er alltid viktig å ta gjensidig omsyn til andre brukargrupper. Ålmannvegen har eit potensiale som historisk vandreveg, og det kan gjerne bli vurdert kominert bruk av turvegen. Alternativ trase for terrengsykling føreligg ikkje.<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 74 | Midt | 22/99-109 | Dag Skagestad | Forslag til skiløype nede i Berdalen, rundløype opp til Berdalsbu er interessant, men køyring av løypa her vil vel vere ekstra krevjande. |  | Svært utfordrande terreng. Tvilsomt om det er realistisk. Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen ligg som forslag i gjeldande sti- og løypeplan. Etablering av traseen vil gi eit auka løypetilbod i midtregionen opp mot høgheia og DNT-hytta Berdalsbu. Terrenget består i stor grad av myr og skog, og det er noko utfordrande å preparere. Traseen ligg i leveområde for villrein. Det er eit mål i planarbeidet å ikkje etablere nye trasear i høgareliggande område, i tillegg er terrenget utfordrande.

**Konklusjon:**

Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | **Prosjektgruppa si prioritering**<br>1: Viktig tiltak · 2: Nokså viktig · 3: Lite viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 75 | Bykle | 22/99-110 | Silje Marie Rygnestad Nesvaag | Etablere trygg ferdsel og skuleveg frå eigedomar langs rv9. |  | Kulturminnevandring er viktig. G/s-veg høyrer kanskje ikkje til i sti og løypeplanen? Ikkje vurdert. |
| | | 22/99-113 | Bykle næringslag | G/s-veg til Lislestog mot Holti/eksisterande gang/sykkelveg. Viktig for eigedomar Innistog/Utistog på lang sikt i høve til trygg gangveg. Viktig også i høve til mogleg kulturminnevandring som næringslaget arbeider med. Forbetre trafikksikring gang/sykkelveg ut på RV9 på vestsida av RV9 ved Coop. | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Tema g/s-vegar inngår i planarbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Innspelet blir vurdert i den samanhengen. Etablering av turveg/sti for kulturminnevandring bli vurdert i innspel nr 76. Etablering av trygg ferdsel kan bli vurdert som turveg utan vinterbrøyting i arbeidet med sti- og løypeplanen. Det går an å lage sommarsti mellom Lislestog og Dreng-huset (gbnr 14/52) med lite tilrettelegging.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet som turveg utan vinterbrøyting. Etablering av g/s-veg blir vurdert tatt med i kommuneplanen sin arealdel.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 76 | Bykle | 22/99-110 | Silje Marie Rygnestad Nesvaag | Binde saman bygda – Lislestog, Kyrkjelii, Myri og Håmåren. Skape samanheng mellom kyrkjebygda og bustadfelta. Og eventuelt mellom Lislestog og Huldreheimen. Heilårsturveg som er tilrettelagt for alle. To alternative forslag |  | Svært positivt og viktig med universell utforming. 1 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Eit betre turvegnett i området er positivt. Nærturar er eit viktig tiltak for fysisk aktivitet. Ålmannvegen kan brukast sommarstid. Denne ligg på kommunal grunn for det meste. Innspelet bør sjaåst i samanheng med innspel nr 59 (turveg for kulturminnevandring). Heilårsturveg krev brøyting som bør bli vurdert med omsyn til kost/nytte. Traseen er regulert i planID 201012 som g/s-veg mellom gbnr 14/52 (Dreng-huset) og Kyrkjelii og som turveg mellom Lislestog og Kyrkjelii.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare arbeidet og blir sett i samanheng med innspel nr 59.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · preparert løype · sykkelrute i KPA<br>innspel til planen · skiløype i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 77 | Bykle | 22/99-110 | Silje Marie Rygnestad Nesvaag | Oppgradering av Støyldalslåmi til heilårsløype. |  | Positivt!<br>Viktig tiltak å knytte saman Bykle og Støyledalen, turveg + sykkel i tillegg til ski.<br>1 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Oppgradering av eksisterande skiløype til sommarturveg og sykkeltrase vil gi auka tilgang til eit fint område i nærleiken av Byklebygda. Terrenget består i stor grad av myr og skog og det vil krevje ein større grad av tilrettelegging for å få etablert ei heilårsløype. Som eit alternativ er det mogleg å nytte eksisterande grusvegar til ferdsel på sommaren.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 78 | Felles | 22/99-110 | Silje Marie Rygnestad Nesvaag | Generelt bør det tas omsyn til bruk av hund og hest i naturen og leggast til rette for fleirbruk. Behov for skilting generelt. Meiner det har vore fleire forslag frå ungdomsrådet om moglegheit for snøscooterløype (habile snøscooterførarar kan ha betydning for beredskap), aktuelt å sjå på i denne samanheng? | Utan kart | Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

God informasjon og skilting legg til rette for avklart og trygg ferdsel for både to- og firebeinte. Planen kan gjerne seie noko om ferdsel med dyr. Det har tidlegare blitt vurdert skuterløype, men utan positivt politisk vedtak. Skuterløyper er ikkje tema i planarbeidet.

**Konklusjon:**

God informasjon og skilting generelt og ferdsel med dyr spesielt tas med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · preparert løype · sykkelrute i KPA<br>innspel til planen · skiløype i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 79 | Hovden | 22/99-112 | Birgit Breive Lidtveit, Arne Kristian Helgøy, Frank Breive Skjævesland v. Oddbjørn Skjævesland, | Løype Nos-Krossloskaret:<br>Fjerne både fysisk og digital merking for å ta omsyn til villrein. Styre ferdsel nedover vegen opp til heistoppen (følgje «Mor Aase»-løypa) og vidare sti mot traktorveg Hovden-Væringsdalen til Krossloskaret. |  | Negativt å fjerne stien frå toppen av Nos. Kanaliseringstiltak i høve stolheis på sommaren.<br>4 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Ein heilskapleg gjennomgang av løypenettet i høve villrein er sentralt i planarbeidet. Traseen ligg i leveområdet til villrein. Det er to preparerte trasear frå Storenos til Krossloskaret. Ei vurdering av å fjerne den eine er relevant også i samband med mogleg dynamisk preparering. Med omsyn til sommarturveg så er kanalisering av ferdsel viktig. Kartutsnittet syner to fotruter mellom Storenos og Krossloskaret. Planarbeidet bør sjå på behov for kanalisering opp mot villreinomsyn.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet gjennom ei heilskapleg vurdering av løypenettet i området.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 80 | Felles | 22/99-112 | Birgit Breive Lidtveit, Arne Kristian Helgøy, Frank Breive Skjævesland v. Oddbjørn Skjævesland, | Betre skilting og merking:<br>På toppen av Nos må det skiltast og merkast for å leie dei som tar heisen opp for videre fottur for å leie dei dit det er ønskjeleg å få trafikken.<br>Informasjonsskilting på utsette områder for villrein. Andre aktuelle steder kan være der heisen startar nede, der traktorvegen Hovden-Væringsdalen startar og ved bom Breive. Det må vere eit myndeansvar kva som skal stå på skilta, montering og vedlikehald av dei. | Utan kart | Kan alltid bli betre skilting.<br>Ikkje vurdert. |
| | | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Informasjon og skilting:<br>Skilt og infoplakatar om hele hovudløypenettet ved innfartsårer, på søppelbuer og ved hovudløyper.<br>Informasjon om alternative traséar ved stenging, slik at brukarar kan planlegge turen betre, ognytte andre delar av løypenettet.<br>Informasjon om villreinstammen og verdien av denne slik at sameksistensen vår med villreinen blir noko vi blir stolte av framfor ei kontinuerleg kjelde til konflikt. | | |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Skilting og merking av løypenettet gir trygg ferdsel og er med på å styre ferdselen. Det er ein del av tematikken i planarbeidet saman med avklaring av ansvar for informasjon, montering og vedlikehald.

**Konklusjon:**

Skilting og merking tas med i det vidare planarbeidet. Innspelet elles tas til orientering.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · preparert løype · sykkelrute i KPA<br>innspel til planen · skiløype i KPA · turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig · 4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="3">82</td><td>Hovden</td><td>22/99-112</td><td>Birgit Breive Lidtveit, Arne Kristian Helgøy, Frank Breive Skjævesland v. Oddbjørn Skjævesland,</td><td>Arrangementet Hovden Ultra:<br>Med grunngjeving i manglande ivaretaking av pålegg til arrangør, og at trafikken blir auka i storleik +100 passeringar denne eine dagen i et jaktområde der det er naturlig reinstrekk som brukast mye både vest- og austover, bør arrangementet flyttast til andre løyper eller bli terminert.<br><br>Traseen er henta frå nettsida til Hovden Ultra og syner lang løype.</td><td></td><td>Ikkje aktuelt å kommentere. Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Løpet går dels innanfor og utanfor verneområdet, og blir oppfatta å vere eit organisert arrangement. Dersom det er eit organisert arrangement er det viktig med god dialog med grunneigarar. Løpet sin trase kan bli vurdert saman med arrangørane der ein tar omsyn til attraktvitet, jaktperiode og villrein.<br>Konlusjon:<br>Innspelet tas med i det vidare planarbeidet med omsyn til føringar for denne type arrangement.</td></tr>
<tr><td rowspan="3">83</td><td>Hovden</td><td>22/99-112</td><td>Birgit Breive Lidtveit, Arne Kristian Helgøy, Frank Breive Skjævesland v. Oddbjørn Skjævesland,</td><td>Allemannsretten:<br>Av fleire omsyn bør det vurderast reglar innanfor verneområde som gjer det mogleg å avgrense bruken i tidsperiodar som er ømfintlege for forstyrringar.</td><td>Utan kart</td><td>Ikkje aktuelt å kommentere. Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Det er fokus på auka omsyn til villrein i planarbeidet og det er alternative måtar å gjere det på. Det kan vere dynamisk løypekøyring som tar omsyn til kor villreinen faktisk er, det kan vere gjennom reglar eller retningsliner eller andre tiltak.<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet i vurderinga av tiltak for å ta betre omsyn til villreinen sitt levesett.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, preparert løype, sykkelrute i KPA, innspel til planen, skiløype i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 84 | Bykle | 22/99-113 | Bykle næringslag | Vurdere ny parkering for Lislestog på areal ved Holtet/kommunen sin eigedom (gbnr 14/52) , i staden for dagens parkeringsløysing som ikkje er ideell. |   | Er det relevant for planen?<br>Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Planarbeidet omhandlar også tiltak som parkering for å ta omsyn til tilgang til ferdselsområda. Dersom det er behov for regulering, så må det gjerast gjennom eigen prosess. Parkering på eigedom 14/52 (Dreng-huset) kan bli alternativ p-plass til Lislestog samlinga og ein start på ei lita rundløype opp til Kyrkjelii og ned att til Lislestog. Det er pågåande politisk sak om framtidig bruk alternativt sal av eigedomen.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet tas med i det vidare planarbeidet. | | | | | |
| 85 | Bykle | 22/99-113 | Bykle næringslag | Vurdere utviding og forlenging av Kyrkjelii bustadfelt, ved å trekke ned gang/sykkelveg/veg mot sør. Sjå på om ein kan etablere eit klyngetun, slik det var i eldre tider for gardsbruka i Byklum – i området der ein eventuelt forlenger Kyrkjelii bustadfelt. Tiltaket vil binde bygda meir saman. | Utan kart | G/s-veg er vel ikkje relevant her?<br>Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Etablering av nye bustadområde og g/s-veg inngår i planarbeidet med kommuneplanen sin arealdel.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet tas ikkje med i det vidare planarbeidet, men blir vurdert tatt med i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 2: Nokså viktig · 3: Lite viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 86 | Bykle | 22/99-113 | Bykle næringslag | Ref. nr 59.<br>Vurder om kulturminnevandring også kan gå frå Huldreheimen og opp i ljosløypa. Det vil auke verdien av vandring betydeleg med enkle midlar, både for fastbuande og tilreisande. Vil også vere ei alternativ rute til Jarekollen og dagsturhytta der. Berre litt rydding av skog som skal til. |  | Positivt!<br>2 |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Samankopling av turvegnettet er positivt med omsyn til attraktivitet og auka tilgang til friluftsområde. Terrenget består av skog.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel<br>innspel til planen<br>preparert løype<br>skiløype i KPA<br>sykkelrute i KPA<br>turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak<br>2: Nokså viktig<br>3: Lite viktig<br>4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="3">87</td><td>Felles</td><td>22/99-114</td><td>Ressursgruppa for hyttevelforeninger</td><td>Alle høgfjellsløyper uten registrert reinsdyraktivitet skal holdes åpne og kjøres gjennom hele sesongen. Dette inneber at løyper berre blir stengt når reinsdyr faktisk er til stades i området – og at samtlige øvrige trasear aktivt prioriterast for kontinuerleg drift og preparering. (Prioritet 1)</td><td>Utan kart</td><td>Støttar tanken.<br>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Det er fokus på auka omsyn til villrein i planarbeidet, og det er alternative måtar å gjere det på. Det kan vere dynamisk løypekøyring basert på lokal kunnskap som tar omsyn til kor villreinen faktisk er. Løypetrasear i høgfjellet er attraktivt og vidare preparering av desse er ønska av både fastbuande og besøkjande.<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet i vurderinga av tiltak for å ta betre omsyn til villreinen sitt levesett.</td></tr>
<tr><td rowspan="3">88</td><td>Felles</td><td>22/99-114</td><td>Ressursgruppa for hyttevelforeninger</td><td>Dagens høgfjellstilbod må utvidast utover Auversvatn og Sloaros. Fleire trasear må inngå som faste, planlagde og sesongbaserte tilbod. Dette reduserer sårbarheita ved vær og villreinrestriksjonar og gir eit meir heilskapleg løypenett som svarer til Hovden sin storleik og betyding som vintersportsdestinasjon. (Prioritet 1)<br>Prioritering:<br>1. Auversvatn<br>2. Sloaros<br>3. Galtefloti<br>4. Enden</td><td>Utan kart</td><td>Støttar tanken.<br>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Utviding av dagens løypenett i høgfjellet krevje ei grundig vurdering spesielt med omsyn til villrein. Fleire alternativ gir auka fleksibilitet ved at ferdsel enkelt kan styrast til andre løyper dersom trasear må bli stengt ut frå kor villreinen befinn seg. Løypa Galtefloti har blitt nytta i samband med Hovden tour og løypa Enden har blitt preparert når det har vore mogleg. Dei to traseane ligg ikkje i gjeldande sti og løypeplan.<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 89 | Hovden | - | Administrasjonen | Grusing av blaute parti langs trase til Hovdenut. Må gjerast i samråd med grunneigar. |  | Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Turvegen til Hovdenut og Dagsturhytta er ein godt opparbeidd trase som er mykje brukt. På nordvestsida av Hovdenut er det behov for klopper i blaute parti. Planen vil seie noko om merking, drift og vedlikehald av tur- og løypenettet.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet. Merking, drift og vedlikehald blir tema i planen.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="3">90</td><td>Hovden</td><td>22/99-114</td><td>Ressursgruppa for hyttevelforeninger</td><td>Planer om undergang (evt. skibru) under (over) rv9 bør tas frem igjen, og sjåast i samanheng med framtidig oppgradering av rv9 mot Haukeli, og nyleg vedtatt hyttebygging mellom Lundane og Hovdeseter. (Prioritet 2)</td><td>Utan kart</td><td>Støttast.<br>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Ein undergang/kulvert eller skibru over rv9 nord for Hovden vil bidra til samankopling av løypenettet aust-vest og styrke løypenettet i låglandet. Eit slikt tiltak må eventuelt sjåast i samanheng med utbetring av rv9 i samråd med Statens vegvesen. Tiltaket vil eventuelt vere del av ein reguleringsplanprosess.<br>Konklusjon:<br>Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet, men bør blir diskutert ved ei eventuell utbetring av rv9.</td></tr>
<tr><td rowspan="3">91</td><td>Hovden</td><td>22/99-114</td><td>Ressursgruppa for hyttevelforeninger</td><td>Forslag til ny permanent skiløype («Hovden Tour 2024»). Trasé frå Fjellbø Hyttefelt og nordover i retning Flottestøylen (øst for Breidvatn) med retur tilbake til Fjellbø i en trasé like øst for løypa i nordleg retning. Denne traséen er ca.7 km. (Prioritet 3)</td><td>
</td><td>Hadde blitt ei flott løype.<br>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Traseen ligg ikkje i gjeldande sti og løypeplan. Den vart nytta under Hovden tour i 2024, og vart opplevd som ein god løypetrase i låglandet. Terrenget er i hovdusak myrlendt. Traseen ligg i leveområdet og delvis i trekkområde til villrein. Ei eventuell preparering av traseen bør vere dynamisk der det tas omsyn til om det er villrein i området.<br>Konklusjon:<br>Innspelet tas med i det vidare arbeidet.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 92 | Hovden | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Forslag til ny permanent skiløype («Hovden Tour 2024»). Traséen frå Fjellbø Hyttefelt (drikkestasjonen under Hovden Tour 2024) gjekk i en halvsirkel først austover ved Galteristi, så i sydleg retning der løypa tok ein vestleg retning til den trefte Lundaneløypa i krysset Lundane/ Lislefjøddløypa. Løypa var variert og fin, og traséen er ca. 7 km. (Prioritet 3) |   | Positivt. Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen ligg ikkje i gjeldande sti og løypeplan. Den vart nytta under Hovden tour i 2024, og vart opplevd som ein god løypetrase i låglandet. Terrenget består av myr og skog. Traseen ligg i leveområdet og delvis i trekkområde til villrein. Ei eventuell preparering av traseen bør vere dynamisk der det tas omsyn til om det er villrein i området.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare arbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel · preparert løype · sykkelrute i KPA<br>innspel til planen · skiløype i KPA · turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak · 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 93 | Hovden | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Utviding av Vidmyr-løypa: Det foreslås ei rundløype frå Vidmyr mot Lislevatn og Storenos/Veggine, med mogleg tilknyting til Mjåvatn og Sloaros. Dette gir lengre traséar og meir variasjon, og kan bidra til å kompensere for tapte høgfjellstraséar. (Prioritet 3) |  | Positivt.<br>Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen ligg ikkje i gjeldande sti og løypeplan. Taseen er kopla på eksisterande løyper, og vil bidra til å styrke løypenettet i låglandet. Terrenget er i hovdusak myrlendt. Traseen ligg innafor Vidmyr naturreservat. Traseen ligg i leveområdet og delvis i trekkområde til villrein. Ei eventuell preparering av traseen bør vere dynamisk der det tas omsyn til om det er villrein i området.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare arbeidet.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel<br>innspel til planen<br>preparert løype<br>skiløype i KPA<br>sykkelrute i KPA<br>turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak<br>2: Nokså viktig<br>3: Lite viktig<br>4: Uønskt</th></tr>
<tr><td>94</td><td>Hovden</td><td>22/99-114</td><td>Ressursgruppa for hyttevelforeninger</td><td>Ny løype frå Nylund til Berdalen: Forslag til ny alternativ trase (som erstatning for tidlegare køyrt løype frå Nylund til Berdalen) frå Nylund og øst for Risåsen, ned til Steinsland og så vidare til Berdalen på austsida av Berdalsnuten. (Prioritet 3)</td><td>
</td><td>Positivt.<br>Ikkje vurdert.</td></tr>
</table>

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet vil gi ei samankopling frå Nylund mot Berdalen. Traseen krev noko terrenginngrep. Traseen ligg i leveområde for villrein og delvis i trekkområde som har gav motsegn til traseen ved tidlegare behandling av sti og løypeplanen. Det var ei av dei adaptive løypene. Traseen vil gi eit betre løypetilbod å lågare terreng. Sjåast i samanheng med innspel nr. 35.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt <br> gjeldande innspel · innspel til planen · preparert løype · skiløype i KPA · sykkelrute i KPA · turveg i KPA | **Prosjektgruppa si prioritering** <br> 1: Viktig tiltak · 2: Nokså viktig · 3: Lite viktig · 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 95 | Hovden | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Sommarsti frå Hartevassnuten hyttefelt til sentrum, som vil gi ein attraktiv snarveg og redusere bilbruk. |  | Truleg bra å få samanheng mellom gangvegen. Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Etablering av turvegar/stiar som bind bustad- og hytteområde til sentrum er positivt for folkehelse og trafikktryggleik. Terrenget er i hovudsak skog, og krev lite opparbeiding.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt</th></tr>
<tr><td rowspan="3">96</td><td>Hovden</td><td>22/99-114</td><td>Ressursgruppa for hyttevelforeninger</td><td>Betre tilrettelegging sommarløyper og stiar:<br>• Tilknyting mellom eksisterande stiar og turmål, slik at man kan bevege seg saumlaust mellom hytteområde, sentrum og fjellterreng.<br>• Tilrettelegge og auke framkomst i hovudløyper med tiltak som grusing, og klopper for å kanalisere turgåarar inn på tilrettelagte stiar slik at vi minimerer slitasje og påverking på urørt natur.</td><td>Utan kart</td><td>Positivt. Bør tas initiativ frå dei ulike hyttevela.<br>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Det er planen si målsetting å behalde eksisterande og brukte trasear og skape funksjonelle forbindingar mellom desse. Planen skal gi eit godt bilete av turvegnettet og seie noko om drift og vedlikehald av desse. God tilrettelegging og vedlikehald bidrar til å styre ferdselen. Frivillig arbeid er viktig bidrag i arbeidet med vedlikehald av turvegane.<br>Konklusjon:<br>Innspelet tas med i det vidare planarbeidet ved at det blir sett på moglege funksjonelle samankoplingar. Planen vil seie noko om drift og vedlikehald.</td></tr>
<tr><td rowspan="3">97</td><td>Hovden</td><td>22/99-114</td><td>Ressursgruppa for hyttevelforeninger</td><td>Tilrettelegging for sykling:<br>• Etablering av fleirbrukstraséar som kan nyttast av både gåande og syklande.<br>• Skilting og informasjon om eignaheit og vanskegrad på alle hovudparkeringsplassar.</td><td>Utan kart</td><td>Positivt, viktig. Generelt viktig å legge meir til rette for sykling (heilårstrasear).<br>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td colspan="6">Stisykling er aktuell tematikk i sti- og løypeplanen, men det er behov for innspel om aktuelle trasear. Det blir sett på om det er eigna trasear for sambruk i det vidare planarbeidet. Skilting og informasjon om traseane gir trygg ferdsel og er med på å styre ferdselen. Det er ein del av tematikken i planarbeidet.<br>Konklusjon:<br>Vurdering av moglege trasear for stisykling blir tatt med i det vidare planarbeidet saman med skilting og informasjon.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt — gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | **Prosjektgruppa si prioritering** 1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 98 | Hovden | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeningar | Tur- og sykkelløype rundt Hartevatn. |   | Positivt. Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid — Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Traseen ligg i gjeldande sti og løypeplan som forslag til turveg. Kombinert tur og sykkelløype i nærleiken til eksisterande bustader/fritidsbustader gir eit attraktivt tilbod i låglandet. Terrenget er i hovdusak skog og det er delvis turveg langs traseen i dag. Traseen ligg i rett i utkanten av leveområde til villrein. **Konklusjon:** Innspelet tas med i det vidare arbeidet. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 99 | Felles | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Grunneigaravtalar:<br>Fleire innspel peikar på behovet for tydelegare rammer og betre dialog.<br>• Kartlegging av eigarskap i alle aktuelle trasear.<br>• Utarbeiding av standardavtaler som sikrar føreseielegheit for både kommune og grunneigarar.<br>• Involvering av grunneigarar i planprosessen, slik at lokale omsyn og bruksmønstre tas i vare.<br>• Legge inn det definerte hovudløypenettet som grønstruktur, turdrag jfr. pbl §11-7 i ny arealdel.<br>• Å føretrekke å betale grunneigarar eit større eingongsbeløp for å få ein permanent rett, enn å forhandle om årlege kompensasjonar. | Utan kart | Administrativt. Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Kommunen har god oversikt over rørte grunneigarar i samband med løypegodtgjering. Det er nytta standardavtalar, men det er mogleg at avtala bør gjelde for ei lengre periode enn kva som er tilfelle i dag. I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel vil det bli vurdert å auke den juridiske bindinga med å legge arealformål på løypetraseane. Det bør bli vurdert regulering av løypetraseane i auka grad. Det gir avklaring av arealbruk.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet i samband med vurdering av framtidig prosess for å sikre føreseielege tilhøve for alle partar.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 100 | Felles | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Underlagspreparering:<br>• Grunnpreparering på barmark, inkludert planering, grøfting og legging av rør i våte parti.<br>• Rette ut farlege svingar og fjerne hindringar som store steinar og tett vegetasjon.<br>• Tilrettelegging for maskinkøyring ved lite snø, slik at sesongen kan starte tidlegare og avsluttast seinare. | Utan kart | Positivt.<br>Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Utbetring av eksisterande preprarert løypetrase for å legge til rette for lengre sesong, aukar attraktiviteten i løypenettet. Utebetring er også viktig for å lette løypekøyring og auke tryggleiken for brukarane. Tiltaka bør inngå i planarbeidet for å sikre drift og vedlikhald. Dei foreslåtte tiltaka innber ein del kostnadar. Frivillig arbeid viktig bidrag i vedlikehald av løypetraseane.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet som tiltak. | | | | | |
| 101 | Felles | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Tilkoplingsløyper:<br>• Kortare forbindelsar frå Tverrfjellgrenda og Hoslemo til eksisterande trasear.<br>• Bruk av eksisterande vegar og stiar der det er mogleg, med minimale inngrep. | Utan kart | Kanskje problematisk i høve kost/nytte, men generelt positivt å binde saman.<br>Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Samankopling av løypenettet er ønska utvikling. Det er andre innspel som omhandlar konkrete forslag. Sjå eksempelvis innspel 5, 16, 20, 24 og 111. Generelt er det fornuftig å nytte eksisterande vegar og stiar der det er mogleg for å avgrense nye inngrep.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet tas med i det vidare planarbeidet og blir vurdert saman med dei konkrete innspela. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 102 | Felles | 22/99-114 | Ressursgruppa for hyttevelforeninger | Tilkoplingsløyper:<br>• Tilkopling fra Hartevassnuten hyttefelt til hovudløypenettet, med tidleg sesongkøyring.<br><br>*Ikkje kartfesta.* |  | Kanskje problematisk i høve kost/nytte, men generelt positivt å binde saman.<br>Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det er positivt med gode nærløyper med god tilrettelegging. Løypenettet i sentrum fungerer nokså bra som den er i dag. Det er mange omsyn å ta, men det er fokus på moglege forbetringar innanfor fornuftige rammer i planarbeidet. Det er i området. Det har tidlegare blitt preprarert ein trase i området med betydelege terrengutfordringar. Sjå innspel nr 119.

**Konklusjon:**

Innspelet tas ikkje med i det vidare planarbeidet. Det er eit mål å legge til rette for ei samla forbetring av tilbodet i sentrum gjennom andre tiltak.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 103 | Felles | 22/99-115 | Tore Irgens Kuhnle | Generelle innspel:<br>• Traséplanar i samband med nyreguleringar bør vere med frå start av planprosessar.<br>• Vegkryssingar øydelegg for skigåing og skaper trafikktryggleiksutfordringar.<br>• Bru/kulvert bør vere hovudregelen for nye vegar eller ved auka trafikk på eksisterande vegar. Samtidig er løypene som går gjennom hyttegrendene, viktige ved dårleg ver og for enkel tilkomst til fjelløypene, så fjerning av dagens løyper er inga løysing .<br>Ubebygde akser med tilgang til fjellet gir fleksibilitet for framtidige løyper/variasjon. | Utan kart | Kulepkt 1:<br>Viktig, heilskapleg planlegging.<br>Ikkje vurdert. |
| | | 22/99-116 | Holger Hott | Løypenettet har ikkje hengt med hyttebygginga og mange køyrer bil til dagparkeringane. Det gir mange vegkryssingar og strekk der ein går langs brøyta g/s-veg.<br>Et samanhengande løypenett nær hyttane, der vegkryssingar er unntaket, som gjer at ein kan spenne på seg skia i hytteveggen, må ha høgaste prioritet. | | Gode tankar. Hyttevel kan også gjere tiltak, sjå på løysingar sjølve også.<br>Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det er positivt med gode nærløyper med god tilrettelegging. Løypenettet i sentrum fungerer nokså bra som den er i dag. Det er mange omsyn å ta, men det er fokus på moglege forbetringar innanfor fornuftige rammer i planarbeidet. Det er viktig å ha løypenett som tema i reguleringsplanarbeid der det er relevant. Forankring av trase gjennom regulering kan gi føreseielege rammer både med omsyn til areal og økonomi.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet som gode føringar for vidare arbeid med løypenettet. Det er eit mål å legge til rette for ei samla forbetring av tilbodet i sentrum gjennom enklare tiltak.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 104 | Hovden | 22/99-115 | Tore Irgens Kuhnle | Ein kan få mye ut av eksisterande løypenett ved hjelp av mindre tillegg for å skape variasjon. Vidare kan ein unngå at alle skiløparar blir leia forbi enkelte punkt som krysset ved Gjuvet:<br>• Samanbinding Lundane og Galtenløypene nordaust for Byrtemannsbekken.<br>• Mindre omleggingar for å utnytte terrenget betre. Eksempel er for Galten, utforkøyringane på nordsida. *Ikkje kartfesta*. | Utan kart | Gode tankar å ha med seg.<br>Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Utbetring og forsterking av eksisterande løypetrasear aukar attraktiviteten i løypenettet. Utebetring er også viktig for å lette løypekøyring og auke tryggleiken for brukarane. Traseane ligg i leveområde for villrein.<br>**Konklusjon:**<br>Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet. Det må eventelt vere mindre tiltak langs ein eksisterande trase eller ei enklare samanbinding. | | | | | |
| 105 | Hovden | 22/99-115 | Tore Irgens Kuhnle | Parkeringskapasitet i samband med løypenettet til Hovden Sør bør etablerast slik at området fungerer betre som alternativ til høgfjellsløypene, og for å hindre at all trafikk går til dagsparkeringa ved Fjellstua. | Utan kart | Viktig tiltak.<br>Ikkje vurdert. |
| | **Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid | | | | | |
| | Dagsparkeringar bør bli regulert. Sti- og løypeplanen bør avklare korleis parkerings skal bli løyst i utfartsområda med omsyn til bruk av grunn og vedlikehald.<br>**Konklusjon:**<br>Tematikken parkering tas med i det vidare planarbeidet. | | | | | |

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 106 | Hovden | 22/99-115 | Tore Irgens Kuhnle | Større vegar og g/s-ve\|g langs/ved løypene brøytast i dag slik at stein/is landar i løypene (eks. ved kulvert rv9, g/s-veg langs løype ved Sportellet, lysløype ved Hovden Blå, osv.). | Utan kart | Dette blir det gitt beskjed om. Fleire partar må ta ansvar. Ikkje vurdert. |
| | | 22/99-116 | Holger Hott | Alle vegkryssingane medfører også mykje stein i løypene. Brøytemannskapet tar lite omsyn til skiløypene når dei freser og brøyter. | | |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Kommunen har gitt beskjed om utfordringa til dei som er ansvarleg for brøyting i området. Det er mogleg ein må tenkje alternative måtar å skjerme løypetraseen på utan at det krev store investeringar. Tematikken er ikkje ein del av planarbeidet.

**Konklusjon:**

Innspelet blir ikkje med i det vidare planarbeidet, men blir tatt til orientering.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt | Prosjektgruppa si prioritering |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 107 | Hovden | 22/99-115 | Tore Irgens Kuhnle | Preparering av løyper: Det leggast ned mykje godt arbeid og mykje kapital i løypene på Hovden. Kursing av løypekøyrarar / utveksling til leiande destinasjonar kan gi enorm kvalitetsforbetring i heile løypenettet generelt og auka tryggleik i Otrosåsen og Røyrviksåsen spesielt. Sporsetting/sletting av spor kan forbetrast til glede for eksperter og små barn. Det same gjeld sporsetting/preparering for trygge utforkøyringar og klar angivelse av gangretning. | Utan kart | Ting å ta med seg, men høyrer vel ikkje til i planarbeidet? Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det er alltid rom for utvikling og auka kompetanse på alle plan. Hovden løypekøyring har stort fokus på å levere attraktive løypetrasear. Grunnforholda spelar også inn, og det er eit kontinuerleg arbeid å betre traseane. Tematikken er ikkje ein del av planarbeidet.

**Konklusjon:**

Innspelet blir ikkje tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 108 | Bykle | 22/99-117 | Olav Byklum v. grunneigar-representant Silje Marie Rygnestad Nesvaag | Grunneigar ønskjer ikkje skiløype over dyrka mark på Grønemyr og Høymyr fordi det kan føre til isbrann.<br><br>*Ikkje kartfesta, men kartutsnitta syner aktuelle område.* | <br> | Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Generelt kan tidleg eller feil preparering på dyrka mark kan auke risikoen for isbrann. I gjeldande sti og løypeplan ligg det inne forslag til skiløype over dyrka mark i desse områda. Ålmannvegen går gjennom områda, og det blir sett på opprusting av denne som turveg og eventuelt sykkelrute på sommaren. Det har ikkje kome inn forslag om å preparere traseen for skiløype. Sjå til innspel nr 17.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 109 | Bykle | 22/99-117 | Olav Byklum v. grunneigar-representant Silje Marie Rygnestad Nesvaag | Grunneigar henstiller om at «postkassene» ved Vardenuten og Heitjønn blir tatt vekk 1. august på grunn av reinsdyrtrekk.<br><br>*Ikkje kartfesta, men kartutsnitta syner aktuelle område.* |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Det er fokus på auka omsyn til villrein i planarbeidet og det er alternative måtar å gjere det på. Avgrensing av ferdsel i sårbare periodar kan vere eit verkemiddel. Det er også viktig å legge til rette for eit variert friluftsliv for innbyggarane. Ein god dialog med frivillige lag og organisasjonar gir anledning til å finne gode løysingar for alle partar.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet i vurderinga av tiltak for å ta betre omsyn til villreinen sitt levesett.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 110 | Hovden | 22/99-89 | Arne Homme | Auversvatn-løypa er veldig viktig. Det er en løype han både skryter av sjølv og høyrer mykje godt om. Denne kan brukast av barnefamiliar og proffe mosjonistar. Håpar sterkt at denne bli behalde. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Trasen ligg i gjeldande sti og løypeplan. Kommunestyret vedtok 11.12.25 at løypa rundt nordre Auvervasseggi tidlegast blir preparert i veke 7. Vedtaket gjeld to år framover. Målet er å behalde løypetraseen, samtidig som ein tar omsyn til villreinen sin bruk av området. Det legg til rette for preparering i høgsesongen. Det er ønskjeleg å behalde gjeldande løypetrase som ei av høgfjellsløypene.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt til orientering og traseen er med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 111 | Midt | 22/99-89 | Arne Homme | Knyte saman Løyningsåsane og Tverrheivegen. Det er i dag for langt mellom disse løypene. Hadde dei blitt knytt saman hadde dei blitt bruka på en betre måte. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet vil gi ei god samankopling og bidra til å forsterke løypenettet. Forslag til trase ligg i leve- og trekkområde for villrein. Terrenget består i hovudsak av skog. Traseen er realtivt enkel å etablere. Forslaget bør bli vurdert opp mot innspel nr 5.

**Konklusjon:**

Samankopinga tas med i planarbeidet, men det bør også bli vurdert å regulere traseen i samband med pågåande planarbeid (planID 202303).

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 112 | Hovden | 22/99-12<br>22/99-19 | Marius Bakken | Avgrense bilbruk og betre vintertilbod. Passering frå Tusseland mot Otra med løype langs Skisentervegen med **kulvert** under avkøyrsla til Nystøyl. Unngår da sløyfa rundt Nystøyl og to vegpasseringar. |  | Ikkje vurdert. |
| | | 22/99-17 | Ressursgruppa v. Jan Willy Føreland | | | |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Forslaget er i konflikt med kryssing av framtidig veg til Granebu. Det er regulert løypetrase frå barnebakken og over vegen og elva i planID 200915. Det er sett i gang planlegging av tilkomst til Granebu som bør inkludere regulering av skibru eller kulvert for løype. Pr i dag går løypetraseen via Nystøyl. Den gir ei lengre løype, men bidrar til å unngå kryssing av Nystøylvegen. Det er kostnadskrevjande å etablere bru/kulvert forbi dei eksisterande avkøyrslane.

**Konklusjon:**

Forslaget tas ikkje med i det vidare planarbeidet. Regulerte løypetrasear med kryssing bør ligge til grunn for vidare tiltak.

<table>
<tr><th>Nr</th><th>Region</th><th>Sak-jp</th><th>Avsendar</th><th>Innspel</th><th>Kartutsnitt<br>gjeldande innspel<br>innspel til planen<br>preparert løype<br>skiløype i KPA<br>sykkelrute i KPA<br>turveg i KPA</th><th>Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak<br>2: Nokså viktig<br>3: Lite viktig<br>4: Uønskt</th></tr>
<tr><td>113</td><td>Bykle</td><td>-</td><td>Administrasjonen</td><td>Parkeringsplass på baksida av aldersheimen. Utvide eksisterande område for parkering.</td><td>
</td><td>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td></td><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td></td><td colspan="6">Gjeldande område er regulering til parkering. Det er rom for utviding av eksisterande parkering innanfor gjeldande reguleringsplan. Sti- og løypeplanen bør avklare korleis parkering skal bli løyst i utfartsområda med omsyn til bruk av grunn og vedlikehald. Parkeringsområdet vil vere eit godt bidrag til å dekke behov i høve til lysløypa og turvegar i området.<br>Konklusjon:<br>Innspelet tas med i det vidare planarbeidet som mogleg parkering for utfartsområdet.</td></tr>
<tr><td>114</td><td>Bykle<br>Hovden</td><td>-</td><td>Administrasjonen</td><td>Skilting til dagsturhyttene frå rv9. (Mogleg eit regionalt prosjekt)</td><td>Utan kart</td><td>Ikkje vurdert.</td></tr>
<tr><td></td><td colspan="6">Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår <u>ikkje</u> i vidare planarbeid</td></tr>
<tr><td></td><td colspan="6">Dagsturhyttene er populære turmål også for tilreisande. Skilting til desse frå rv9 vil gjere det enklare å finne fram og styre trafikken til ønska parkeringsområde. Skilting langs rv9 er Statens vegvesen sitt mynde. Det er fornuftig å drøfte skilting til dagsturhyttene regionalt.<br>Konklusjon:<br>Innspelet tas ikkje med i det vidare planarbeidet.</td></tr>
</table>

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel innspel til planen preparert løype skiløype i KPA sykkelrute i KPA turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 116 | Bykle | 23/1902-15 | Grendemøte Trydal | Byklestigen – parkering og tilrettelegging – viktig med vedlikehald. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Området blir brukt til parkering i dag, men det er behov for betre tilrettelegging. Movegen er kommunal veg, men det er uklart kva som er BK sitt ansvar og SVV sitt ansvar med omsyn til Byklestigen som gamalt veganlegg og turveg. Det er nødvendig å avklare juridisk ansvar med SVV før tiltak blir planlagt og gjennomført. Sti- og løypeplanen bør avklare korleis parkering skal bli løyst i utfartsområda med omsyn til bruk av grunn og vedlikehald. Byklestigen er skilta frå rv9 og bør vere tilrettelagt med gode parkeringsområde.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering<br>1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 117 | Bykle | 23/1902-15 | Grendemøte Stavenes, Nordbygda, Byklum og Bykle kyrkjebygd | Stavenes – den gamle vegen kan bli ein fin turveg/rundløype. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen følgjer kommunal grusveg som er godt tilrettelagt for bruk for alle. Det er lite biltrafikk på strekninga. Dersom Ålmannvegen blir etablert som turveg, så kan desse to til saman bli ein lengre rundtur. Traseen er også aktuell som ei fin sykkelrute/-rundløype. Etablering krev mindre tiltak som skilting og merking.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 118 | Hovden | - | Administrasjonen | Trase brukt i Hovden tour. Moglegvis aktuell som ein alternativ trase for Hovden tour. Sidan traseen er preparert tidlegare, er det ønskjeleg å gjere ei vurdering av den. |  | Ikkje vurdert |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen har blitt nytta i Hovden tour. Med tanke på mogleg dynamisk preparering av løyper, så kan dette vere eit alternativ. Terrenget er myr, skog og heieområde. Traseen ligg i leveområde til villrein.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel; innspel til planen; preparert løype; skiløype i KPA; sykkelrute i KPA; turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak; 2: Nokså viktig; 3: Lite viktig; 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 119 | Hovden | - | Administrasjonen | Tidlegare preparert løype mellom Dagparkering sør og Hegni via Stusli. Forenklar tilgangen til løypenettet for fastbuande og hyttebebuarar. Sidan traseen er preparert tidlegare, er det ønskjeleg å gjere ei vurdering av den. |  | Ikkje vurdert |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid TORVALD: Kva er grunnen til at denne ikkje blir preparert?

Tidlegare preparert løype som vil fungere som nærtur og gi enklare tilgang ti løypenettet for mange. Ein krevjande trase å preparere grunna kryssing av fleire vegar og tett busetnad. Løypenettet i sentrum fungerer nokså bra som den er i dag. Det er mange omsyn å ta og det er fokus på moglege forbetringar innanfor fornuftige rammer i planarbeidet.

**Konklusjon:**

Innspelet tas ikkje med i det vidare planarbeidet. Det er eit mål å legge til rette for ei samla forbetring av tilbodet i sentrum gjennom andre tiltak.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 120 | Hovden | - | Administrasjonen | Sykkeltrase som ligg i digitalt kart på nettsida til Destinasjon Hovden. Er del av lengre sykkeltrase som ligg i gjeldande sti og løypeplan. Det er i stor grad samanfallande trasear, men denne traseen ligg ikkje i gjeldande plan. Det er derfor ønskjeleg å gjere ei vurdering av denne. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen følgjer etablerte trasear for løype og turveg i Røyrviksåsen. Det er viktig å ta omsyn til kombinert bruk i området mellom anna med god informasjon og tilrettelegging. Sykling i området er truleg etablert bruk sidan det ligg ute digitale kart som syner traseen.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak 2: Nokså viktig 3: Lite viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 121 | Hovden | - | Administrasjonen | Lengre tursti som ligg i digitalt kart på nettsida til Destinasjon Hovden. Det er i stor grad samanfallande trasear med gjeldande sti og løypeplan, men denne traseen ligg ikkje i gjeldande plan. Det er derfor ønskjeleg å gjere ei vurdering av denne. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Alternativ fotrute til Hartevassnuten. Traseen ligg i leveområde til villrein. Terrenget er prega av skog og snaufjell. Det er ein fin rundtur som startar nær busetnad. Det er alternative ruter til Hartevassnuten som er eit populært turmål.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 122 | Hovden | - | Administrasjonen | Turveg som ligg i digitalt kart på nettsida til Destinasjon Hovden. Det er i stor grad samanfallande trasear med gjeldande sti og løypeplan, men denne traseen ligg ikkje i gjeldande plan. Det er derfor ønskjeleg å gjere ei vurdering av denne. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Fotrute til Otrosåsen som følgjer etablert turveg. Traseen ligg utanfor leveområde til villrein. Terrenget er prega av skog og det er eit etablert turområde. Det er ein fin rundtur som er nær busetnad.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 123 | Hovden | 22/99-138 | Inge Møllen | Ønskjeleg å binde saman løypenettet på austsida med løypenettet på vestsida av Otra. Løypa kan leggast i ein naturleg korridor ned mot rv9. Innspelet inkluderar undergang under rv9 samt bru over Otra. Forslag til trase ligg nokså midt i løypenttet og nærme etablert dagparkering nord, og det er allereie g/s-veg langs rv9 frå dagparkering til kryssingspunkt for forslag til ny løypetrase. |  | Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet inkluderer løypetrase, bru over Otra og kulvert under rv9. Samanbinding av løypenettet aust-vest ved Hovden Fjellstoge vil auke kvaliteten på løypenettet i låglandet. Innspelet bør sjåast opp mot innspel nr 34 med omsyn til plassering av bru og kulvert/undergang. Tiltaket ligg utanfor omsynssone for villrein.

**Konklusjon:**

Innspelet som blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt — gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA | Prosjektgruppa si prioritering — 1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 124 | Bykle | 21/662-7 | Administrasjonen | **Moglegheitsstudie Bykle kyrkjebygd**<br>Juvvandring: Ein bordgang kan etablerast rundt Sarvsnetten, frå demninga og heile vegen rundt, før han koplar seg vidare til ein sti inn mot Bykle sentrum. Konstruksjonen kan festast utanpå fjellet, noko som reduserer behovet for inngrep i terrenget. Tiltaket er dermed også fullt reversibelt. Bordgangen kan vere tilrettelagt for rullestolbrukarar. Det kan leggast opp til utvida utsiktspunkt med kvileplassar og informasjon undervegs. |  | Ikkje vurdert. |



**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet er ein del av moglegheitsstudien for Bykle kyrkjebygd. Det vil bidra til å styrke samanhengen mellom sentrum og områda på andre sida av Setesdalsvegen – som Otra, demninga, Sarvsfossen og Sarvsnetten. Ei slik tilrettelegging har potensiale til å bli eit attraktivt og spennande turmål for både lokale og tilreisande.

**Konklusjon**:

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt<br>gjeldande innspel / innspel til planen / preparert løype / skiløype i KPA / sykkelrute i KPA / turveg i KPA | **Prosjektgruppa si prioritering**<br>1: Viktig tiltak 3: Lite viktig<br>2: Nokså viktig 4: Uønskt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 125 | Bykle | 21/662-7 | Administrasjonen | **Moglegheitsstudie Bykle kyrkjebygd**<br>Juvvandring med trappesti ned til Otra: Ein trappesti kan gå ned på begge sider av elva slik at den djupe dalen langs Otra kan gjerast tilgjengeleg på ein måte som inviterer til bruk. Ein bordgang kan kople dei to sidene saman. |  | Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Innspelet er ein del av moglegheitsstudien for Bykle kyrkjebygd. Det vil bidra til å styrke samanhengen mellom sentrum og områda på andre sida av Setesdalsvegen – som Otra, demninga, Sarvsfossen og Sarvsnetten. Ei slik tilrettelegging har potensiale til å bli eit attraktivt og spennande turmål for både lokale og tilreisande.

**Konklusjon**:

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 126 | Bykle | 21/662-7 | Administrasjonen | **Moglegheitsstudie Bykle kyrkjebygd** Opne bekkane i sentrum, kulturvandringar og snarvegar: Frå sentrum til Helsehuset kan det bli eit nytt parkdrag langs Stedjebekken som kan vere meir identitetsskapande enn dagens plenareal. |  | Ikkje vurdert. |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Stedjebekken renn gjennom sentrum av Bykle, forbi Helsehuset, kommunehuset og vidare rett vest for Bykle skule. I dette området ligg bekken ligg i røyr, slik at ein går glipp av alle dei kvalitetane som vatnet bringar med seg. Nye stiar langs opne bekkedrag vil bli nye snarvegar samt opne for nye kulturvandringar. Tiltaket ligg nærme busetnad og vil vere eit godt bidrag som nærtur.

**Konklusjon:**

Innspelet blir tatt med i det vidare planarbeidet.

| Nr | Region | Sak-jp | Avsendar | Innspel | Kartutsnitt (gjeldande innspel, innspel til planen, preparert løype, skiløype i KPA, sykkelrute i KPA, turveg i KPA) | Prosjektgruppa si prioritering (1: Viktig tiltak, 2: Nokså viktig, 3: Lite viktig, 4: Uønskt) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 127 | Hovden | - | Administrasjonen | Trase brukt i Hovden tour og fungerer som hovudtrase. Moglegvis aktuell som ein alternativ trase for Hovden tour. Sidan traseen er preparert tidlegare, er det ønskjeleg å gjere ei vurdering av den. |   | Ingen vurdering |

**Administrasjonen si vurdering** Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid

Traseen har blitt nytta i Hovden tour. Med tanke på mogleg dynamisk preparering av løyper, så kan dette vere eit alternativ. Terrenget er heieområde delvis langs vassdrga. Traseen ligg i trekk- og leveområde til villrein.

**Konklusjon:**

Innspelet tas med i det vidare planarbeidet.